

NORSKRIFT

NORSKRIFT er et arbeidsskrift for artikler om nordisk språk og litteratur som utgis ved Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo.

REDAKSJON:

Gudleiv Bø, Trygve Skomedal, Åsfrid Svensen, Kjell Ivar Vannebo.

ADRESSE:

NORSKRIFT, INL/Avdeling for nordisk språk og litteratur,
Postboks 1013, Blindern
0315 Oslo

MANUSKRIPTER:

Manuskriptene bør være skrevet på PC i A4-format med linjeavstand 1 1/2 og med marg ca. 3 cm. helst i Palatino 12 punkt. På artikkelens førsteside settes forfatternavn øverst og under dette følger artikkelens tittel - begge deler fra venstre marg. Ta kontakt med redaksjonen (Vannebo) før paginering

ABONNEMENT:

Abonnement på Norskrift kan tegnes ved henvendelse til Ellen Wingerei, instituttkontoret INL. Enkelteksemplarer fås også kjøpt ved henvendelse til instituttet.

Anton Fjeldstad

“Nationalitet” og “Dannelse” i Wergelands (1844) og Thues (1846) lesebøker

Kort forord

Våren 1993 heldt eg ei forelesing på det tverrfaglige seminaret til Gudleiv Bø og Øystein Sørensen om “Norsk identitet”. Forelesinga bygde på to kapittel om Henrik Wergelands og Henning J. Thues lesebøker i eit stort, men uferdig bokmanus om korleis det utvikla seg eit morsmålsfag i latinskolen/den lærde skolen frå slutten av 1700-talet. (Eg har tenkt meg at *Sjelenes fedreland* kan bli ein høvelig tittel ein gong. Det vil gå fram av kapittel-utkasta mine kvifor.) Ei viktig side av denne utviklinga er det tilhøvet dei i faget hadde til forestillingar om “Fædreland” og “Nation”, som langtfra var dei same i opplysningstida på slutten av 1700-talet som etter romantikken. Ei anna viktig side ved framvokstere av morsmålsfaget, og særleg for den rolla *diktninga* kom til å spele, finn vi i forestillingane om “Dannelsen”. Wergelands og Thues lesebøker er ma. uttrykk for ulike måtar å stille seg til spørsmålet om kva tilhøve “Dannelsen” skulle ha til det nasjonale. Mykje, men ikkje alt, i dei to kapitla handlar om dette.

Gudleiv Bø har bede om å få trykke i *Norskrift* dei to kapitla i den (uferdige) utforminga dei har i manuskriptet mitt. Kapitla er skrivne i 1986/87. Det er ikkje utan problem å lese dei lausrive frå den større samanhengen eg har skrive dei inn i, og notene er ikkje så mykje verd så lenge det ikkje fins litteraturliste også. Mange stader i framstillinga mi føreset eg dessutan, både beinveges og omveges, at ein har lese det som kjem før i manuskriptet. Ma. jamfører eg tidt og ofte med det eg har skrive om lesebøker som Ove Mallings *Store og gode Handlinger* (Kbh. 1777) Knud Lyhne Rahbeks *Dansk Læsebog og Exempelsamling* (Kbh. 1799-1804), Ludvig Stoud Platous *Dansk Chrestomathie* (Chria. 1806) og Lyder Sagens *Dansk Læse- og Deklamations=Øvelsesbog* (Bergen 1808). Dessutan resonnerer eg på grunnlag av eit skilje mellom omgrepa ‘patriotisme’ og ‘nasjonalisme’ som ikkje er vanlig i norsk historieskriving. For å forstå tankane mine omkring det tilhøvet lesebøkene har til “det nationale”, kan ein ha nytte av å lese ein artikkel eg skreiv i *Syn og Segn* nr. 2/1990 (“Nasjon og nasjon, fru Winsnes”) om patriotisme og nasjonalisme.

Eg tar med takk imot alle reaksjonar som kan gjøre historieskrivinga mi betre!

Den nasjonale patriotismens lesebok

Hausten 1843 kunngjorde Henrik Wergeland og Nils Wessel Berg at dei hadde planar om å gi ut ei lesebok for den lærde skolen, ”hvori et mere passende Forhold vil blive iagttaget imellem den norske og den danske Green af Literaturen, end Tilfældet sees at være i de hidtil udkomne Læsebøger”.¹ *Læsebog for den norske Ungdom* kom ut i to bind året etter, og dermed hadde morsmålsfaget i den lærde skolen for første gong fått ei lesebok med *norsk* i tittelen. Henrik Wergeland hadde valt ut tekstane og sett dei samman. Han hadde også skrivne forordet og innleiingar til kvar tekststyppe, til samman ei heil sjangerlære støtta til ”udmærkede Æsthetikeres Autoritet”.² Då boka kom ut, blei heile forordet og eit stykke av sjangerlæra trykt i *Morgenbladet*, som då var organ for den moderate embetsmanns-opposisjonen. I alt fylte stoffet heile førstesida og det meste av den andre. Dette seier noe om kva iallfall *desse* kretsane la i utgiinga.³

Wessel Berg sin del i boka var liten.⁴ Han hadde berre laga innhaldslista og samla personopplysningane til eit avsluttande kapittel om forfatarane, som Wergeland også hadde skrivne.⁵ *Læsebog for den norske Ungdom* kan derfor godt kallas Wergelands lesebok.

Dei to delane av Wergelands lesebok er på i alt nesten 800 sider og inneheld 349 tekstar av 121 ulike forfattarar.⁶ Som tidligare er det embetsstandens seniorar som skal leie dei yngre inn i dei skjønne vitskapane sitt rike, for enno har 9/10 av forfatarane embetstittel, dei fleste er prestar. Men det ligg ein avgjørande skilnad i at dei tekstane som no er samla ”for den *norske* Ungdom” for det meste også er skrivne av *norske* forfattarar: 68 er norskfødde/norske og 53 er danskfødde/danske. (Hos Rahbek, Sagen og Platou var mindre enn 1/3 norske.) Frå felleslitteraturens tid er det rettnok med noen fleire danskar enn nordmenn (27 mot 20), men frå tida etter 1814 er det ei stor overvekt av nordmenn (48 mot 26).⁷ *Forfattarnasjonaliteten* er for første gongen blitt viktig når tekstar skal veljas. Av dei 349 tekstane er 234 (dvs. heile 2/3) skrivne av norskfødde/norske forfattarar, mens 115 er av danskar. Desse talla stiller liknande tall frå dei andre lesebøkene på hovudet. Dette radikale brotet mot leseboktradisjonen bygger på ein heilt annan tenkemåte enn tidligare omkring tilhøvet mellom stat, nasjon og kultur. Wergeland skil mellom norsk og dansk, og han gjør det ikkje berre ved å rekne forfattarar og tekstar, men også når det gjeld å velge emne og sjangrar, for noen er meir ”nasjonale” enn andre.

”Et Folks Literatur er dets Sjæles Fædreland”

Henrik Wergeland meiner at det er grunnleggande galt at dei lærde skolane i eit sjølstendig Norge berre har lesebøker ”hvori der ikke findes Spor af, at nogen Forfatter siden Rigernes Adskillelse har existeret”.⁸ Landet er blitt politisk sjølstendig, men er framleis ein dansk provins kulturelt og litterært. Ein sjølstendig nasjon treng ein sjølstendig litteratur. Utan å nemne namn gir Wergeland Lyder Sagen (”født Nordmand”) og leseboka hans (”for Nordmænd”) eit spark på grunn av tittelen ”dansk Læsebok”, og legg ironisk til at den ”er dog oprigtig deri, idet den virkelig fører den efter sit hovedsagelige Indhold; men her er dog et Tilfælde, hvor Ærlighed ikke bør vare længst”.⁹ Wergelands mål er derfor å gi ut ei lesebok der, i motsetning til i Sagens og Platous, ”Nationalitet og Retfærdighed ikke skal krænkes, og ved hvilken Ungdommen ikke skal forvildes i sine Begreber om Værdien og Omfanget af den Literatur, hvortil Fædrelandet har Eiendomsret”.¹⁰

Den norske litteraturen etter 1814 er altså nasjonens eigendom, og den er både større og meir verdifull enn kva publikum, som helst les danske bøker, har forstått.¹¹ Med leseboka si Wergeland ute i omtrent samme ærend som Rahbek var med si lesebok omkring hundreårsskiftet: Han vil vise fram det (det norske) Parnasset for å få publikum til å forstå at dei ikkje treng å sjå ned på det dei eigne forfatarane har skrive, snarare tvertom:

Det er skrevet Andet og Varigere i Norge siden 1814 end blot politiske Smaaskrifter; og vor siden den Tid fremskudte Literatur tæller både i Videnskabelighedens alvorlige og æsthetiske Greene talrige og lysende Navne nok til at gjøre Skriget om vor literære Armod uretfærdigt og en fortsat Afhængighed af den danske Literatur unødvendig.¹²

Denne villfaringa vil Wergeland gjøre noe med, for

Det er ikke alene saarende og uretfærdigt imod det Folk, hvis Ungdom skal undervises, saaledes som skeet er, at give dets egen Literatur en underordnet Plads; men det er ogsaa skadeligt, først som vildledende, fordi det strider imod en historisk Sandhed, og dernæst fordi det ikke blot er Viden og Dannelsen Ungdommen skal erhverve igjennem deslige anthologiske Underviisningsbøger, men ogsaa, i Agtelsen for de fædrelandske videnskabelige Fortjenester, den fineste næring for Fædrelandskjærligheden og andre af dens ædleste Følelser. Et Folks Literatur er dets Sjæles Fædreland; Universitetet er Hovedstaden deri; og det baader Ynglingerne, at vide og føle, at de have et

- et, som ogsaa har Krav på deres Kræfter.¹³

Dette synet på kva funksjon tekstane i leseboka skal ha, er omtrent det samme som vi fann i Laurits Engelstofts *Tanker om Nationalopdragelsen*.¹⁴ Men Wergeland har eit anna stats-fedreland å knytte lojaliteten til, og dessuten eit klårare romantisk nasjons-omgrep, så derfor blir argumentasjonen kultur-separatistisk og nesten anti-dansk. (Wergeland var ikkje nett kjend som Danmarks-venn.)¹⁵ Borgarane er ikkje berre knytte til eit *ytre* fedreland gjennom formelle plikter og rettar, men også til eit *indre* der sjela høyrer heime. Dette indre fedrelandet er *nasjonen*, den fellesskapen i historie, kultur og språk som alle er ein del av enten dei vil eller ikkje. For Wergeland er *litteraturen* det viktigaste i den nasjonale kulturen - sjela sitt fedreland - og den kan knytte folk til nasjonalstaten med dei finaste band og minne dei på at det "har Krav på deres Kræfter". Her har patriotismen fått ein romantisk-nasjonal grunn å bygge på.

Når Wergeland skil norsk frå dansk i leseboka, er det ikkje først og fremst av reint politiske årsaker, men fordi litteraturens to "Greene" er uttrykk for ulike *nasjonalitetar* og Den kulturfellesskapen som nasjonane har gjennom det felles skriftspråket, må ha sine grenser. Dei markerer Wergeland med å skille ut dei danske tekstane frå tida etter 1814 i eigne små avdelingar med overskrifta "Af den danske Literatur", og han plasserer dei alltid *etter* norske tekstar i samme sjanger.

Men vi skulle også både før og etter 1814, skriv Wergeland, kunne "indskrænke os til hine norske Forfattermavne, undvære ethvert Bidrag til den senere danske Literatur, og saaledes være os selv nok, uden derfor nogen Deel og Art af Litteraturen skulle savnes eller mangle noget paa at blive repræsenteret".¹⁶ Eit fullstendig brot med det danske, m.a.o.. Men Norge har ein "uomtvistelig lige Adkomstret" til *heile* felleslitteraturen, og den vil han hevde både fordi så mange av dei store forfattarane var norske og på grunn av "Foreningens intime Beskaffenhed og Fællesskab i Universitet", dvs. den homogene embetsstandskulturen i tvillingrikene.¹⁷ Fordi "Sprogmidlet for begge Literaturer, paa Enkeltheder nær, fremdeles er det samme" og den norske og danske litteraturen dannar ein stamme med to greiner og kroner med større rikdom og omfang enn greinene kvar for seg, har nordmennene også "Benyttelsesret" til den nyare danske litteraturen.¹⁸ (Legg merke til at Wergeland med orda "Eiendomsret", "Adkomstret" og "Benyttelsesret" nærmast argumenterer *juridisk* for litteraturfellesskapen og ikkje grunngir den med nasjonalt slektskap.) Derfor vil Wergeland ta med "danske" tekstar både frå den eigentlige felleslitteraturen og frå den nyare, men berre "i et passende Forhold".¹⁹ Og fellesskapen når det gjeld den

nyare, er ikkje som den mellom menneske av samme slekt (dvs. som bor i samme hus, samme land), men "imellem begge Folk [findes] en saadan Adgang til hinandens Prydelser som imellem Naboer, der dog kunne see over Gjærdet i hinandens Haver".²⁰ Wergeland har også ein meir pragmatisk grunn for ikkje å sjå heilt bort frå den nye delen av hagen til grannen: "da Bekjendtskab til den danske Literaturs senere Frembringelser baade paatrænger sig i Selskabslivet og bør, baade for de gamle Forholdes og sin egen Skyld kunne fordres af den dannede norske Yngling".²¹

Til slutt i leseboka fins ei lita avdeling på seks dikt frå latin, fransk, engelsk, tysk og svensk både i original og oversetting. Tanken er ikkje først og fremst å gjøre elevane kjende med god dikting også på frammande språk, men å vise eksempel på ein eigen sjanger - "Oversættelser" - og at morsmålet duger godt også til oversetting, "omendskjønt det hidtil authoriserede Skriftsprog langt fra er rigt paa Riim".²² *Hittil*, skriv Wergeland, som vidare hevdar at om

den norske Oversætter ikke vil være alt for frygtsom for at bruge udtrykfulde Ord af det rige Modersmaal, skulle det være en vanskelig Original, som han ikke skulde kunne gjengive saa nøie som f.Ex. Afspeilingen i Vandet af et Træ er det, som pranger på Kysten.²³

Språket i Norge er *rikare* enn i Danmark, seier han omveges ein plass i forordet, der han innrømmer at det er noe i det klagemålet at danskar ikkje kan lese det som blir skriva av norske forfattarar med "ganske samme Lethed, som vi de danske, hvis hele Sprogs ikke store Omfang er os bekjendt".²⁴ Oversettingane skal vise at Norge vil vinne på at også språket blir meir sjølstendig.

Wergeland og Wessel Berg hadde lagt denne planen fram for norsklærarar, som meinte som dei at "Bogen [dermed] uden at give Afkald paa Noget af sin Nationalitet [ogsaa vilde] blive brugbare og afsætteligere for vor Tid".²⁵ Dei seier m.a.o. at leseboka er eit kompromiss mellom ein følgestreng romantisk-nasjonal tenkemåte og det ønsket om å fortsette eit litterært og kulturelt hopehav med Danmark som enno dominerte i embetsborgarskapen.

Sjangrane: tradisjon og endring

Også *Læsebog for den norske Ungdom* er ein *krestomati*, ei samling prøver av ulike litterære sjangrar. Romantikkens historiefilosofi har ikkje sett seg spor her, og tankar om historisk utvikling og kronologi spelar heller inga rolle for den

måten denne leseboka er sett samman på. Det einaste årstallet som spelar ei rolle, er 1814, då den norske litteraturen skil seg frå den danske.

I forordet skriv Wergeland at "det hele Arbeide vil omfatte, samtlige i vort Land kjendte Skjønvidenskabelighedens poetiske og prosaiske Arter og Former".²⁶ Inndelinga i sjangrar bygger, som hos Rahbek og Platou, både på form og innhald, og tekstartane er enda fleire enn hos dei. Også her er sjangerkonstruksjonen normativ, ein målestokk å vurdere dikting etter, men den er ikkje så systematisk-hierarkisk og så klårt vurderande som hos dei to andre. Hos Wergeland er sjangerlæra meir av ein beskrivande systematikk og eit middel til å klassifisere tekstar. Likevel fins også hos Wergeland den forestillinga at noen sjangrar er låge og andre høge. Dei formelt enkle står, som før, lågare enn dei meir kunstferdige, og vers står over prosa i sjangrar som er i slekt. (F.eks. står episk poesi over epikk på prosa.) Det første bindet, med tekstar "der Fremstillingen og Belysningen er de simpleste", er for dei yngste og inneheld ein større del prosatekstar enn det andre bindet, som inneheld mest vers og retorisk prosa, og dessutan er det som minst bryt mønstret frå Rahbek og Platou.²⁷ Prosaen er mest opplysende ("Historisk Stiil", "Beskrivende Foredrag" og "Strængeste Prosa-Form", dvs. sakprosa) og belærande ("Fabler" og "Belærende Foredrag").²⁸ Versdiktinga, der "Skjønhederne" er fleire, skal tjene smaken og danninga. Det litteratur-teoretiske grunnlaget er altså også for Wergelands lesebok delvis å finne i retorikken og poetikken frå den seine klassisismen. Det ser vi også av den omfattande avdelinga med "Veltalenhed" som fins med, nesten 90 sider med talar av ulike slag. Her fins både geistlige talar, politiske talar, rettstalar, akademiske talar, skåltalar og minnetalar/lovtalar. Elevane skal kunne lese prøver på mest alle slags talar dei kan komme til å halde både i yrket som embetsmann og i det sosiale livet blant dei kondisjonerte.

Også hos Wergeland er det sammanlagt langt fleire tekstar på vers (220) enn på prosa (129), og det er eit teikn på at versdiktinga enno står høgast i kurs.²⁹ Av dei femten forfattarane som har fått med flest tekstar, skriv berre tre på prosa: Snorre, Holberg og Malling. Men den reint deklamatoriske versdiktinga står ikkje fullt så sterkt som tidligare, og det er svært mange av verstekstane i Wergelands lesebok som også kan *syngas*, romansar, ballade-pastisjar, salmar og religiøse sangar, nasjonalsangar, fedrelandssangar, viser, barnesangar, selskapsangar og anna "almindelig Sang". Dels kjem det av at krestomatien er laga for barn og ungdom, men mange av sangtekstane må også ha kome med fordi Wergeland set kombinasjonen av diktekunst og musikk høgt.³⁰ Sangar og viser er ei meir "folkelig" form enn den reint deklamatoriske poesien, og det vi ser er ein tilbakegang (iallfall i omfang) for den type tekstar som så å seie i seg sjøl opp-

fordrar til ei framføring av det høgtidelige slaget. Dei fleste av dei sangbare tekstane kan likevel også lesas retorisk, og dei meir kunstferdige sjangrane (som ode, hymne, elegi, kantate, kanzone og sonette) står høgast i sjangerhierarkiet.³¹

Dei sjangrane som avgjort ikkje spelar den rolla hos Wergeland som i tidligare lesebøker, særleg jamført med Rahbeks, er likevel dei dramatiske. Wergeland har berre gitt plass til seks små drama-utdrag på tilsamman 15 sider. Det er på ein måte eit paradoks, for det er ingen tvil om at han set diktarar som Ewald og Wessel svært høgt, og dei har ikkje fått med dramatiske tekstar i det heile. Av Holberg, ein av dei andre favorittane, har han berre tatt med eit kort utdrag av *Den politiske Kandestøber*. Av sjantrar som vaudeville og farse (som Wergeland dyrka sjøl) fins her ikkje ein einaste prøve.³²

”Præg af Folk og Land og Old”

Wergelands lesebok kom ut i ”det nasjonale gjennombrøtet” si tid, og er på mange vis farga også av det. For aller mest skil leseboka hans seg frå dei tidligare ved å gi god plass til nye, ”romantiske” sjantrar som eventyr og segn. Desse sjangrane såg dei *i seg sjøl* som nasjonale. Tekstane rekna dei med stamma anonymt frå ”Folket” og var eit uttrykk for folkeånd og nasjonens djupaste særpreg. (Av ”folkeviser” har Wergeland berre tatt med to etterlikningar av kjempeviser, den eine ei dansk om Olav den hellige. Dei norske balladane, som Jørgen Moe hadde utgitt noen prøver av allereie i 1840, er derimot ikkje med.³³) Wergeland har tatt med tre av eventyra frå Asbjørnsen og Moes *Norske Folkeeventyr* frå 1842. Han er klar over at eventyra vandrar frå land til land og at ”intet Folk mangler Eventyr”. Men i og med at eventyra ikkje er skriftfesta og berre lever i folket som munnlig fortellekunst - ”paa dets Mødres og Børns Læber” - har dei overalt ”et vist fra Jordstrøget, Fornoldet og Levemaaden hentet eien-dommelig Præg”.³⁴ Sjøl om sjangeren har sitt klassiske meisterstykke i orientens ”Tusind og en Nat”, høyrer dei norske eventyra den *norske* nasjonen til, og dermed høyrer dei også heime i den kulturen embetsmannssønnene skal danne seg med. No kan dei få lese slikt som allmuebarna får seg fortalt: om prinsessa som ingen kunne målbinde, om askeladden som kappåt med trollet og om kvifor gjertrudsfuglen har svart kropp og rød hue. Men eventyra får dei møte i et ”lutret” språk, for sjøl om det ikkje er klassisk dansk og har fleire særnorske drag, ligg det enda lengre bort frå det språket allmuen brukar når dei fortel dei.

Henrik Wergeland reknar segna for å være enda meir nasjonal enn eventyret. Mens eventyret høyrer til poesien og utspelar seg i ”Indbildningens Verden”,

høyrr segna heime i *historia* som ei fortelling om det verkelege. Den vitnar nok også om overtru, men "det Utrolige og Usandsynlige avtager i Sagnenes Række", og fortel ettertida om gjenstandar i naturen, merkelige hendingar, personar og stader. Den historiske røyndommen attom ligg dessutan heilt tilbake i "Fornold" og middelalder, og segnene vitnar dermed om det særlege ved folket og landet frå den tid nasjonaliteten var uforfalska: "De Præg af Folk og Land og Old, som Sagnet bærer, ere endnu dybere end Eventyrets, som deraf kun har ligesom en Farvetone".³⁵ Derfor gir Wergeland plass til heile tretten segner i leseboka si (dei fleste frå Andreas Fayes *Norske Sagn* frå 1833), både "Oldsagn", "Almuesagn" og "Historiske Sagn". ("Af den danske Literatur" tar han med berre to *kunsteventyr* og tre segner.) I alt inneheld leseboka om lag 40 tekststar som er "nasjonale" i emne (norsk natur, norsk historie, bondens kultur og levevis) eller sjanger (eventyr, segn, soge, kjempevis, dråpa).³⁶

"end er af Æt og af Kraft han den Samme"

Noe av det typiske for embetsmannsgenerasjonen frå 1814, var den sterke beundringa, for ikkje å seie dyrkinga, av landets "Hedenold": "vort Olds Annaler prange med Træk, der ved Siden af de ældste frie Nationer kunne bejle om Fortrinsret".³⁷ I fortellingane om Harald og Haagen og Olav og Sverrer fann dei eksempel på edel nordmannsdyd og nordmannsdåd. Diktarane ville vekke minnet om dei gamle heltane og knytte samanhengen mellom fortid og samtid. Opp mot armod og vanmakt i si eiga tid stilte dei eit glansfullt bilde av fridom og stordom dengongen, med eit håp om at "gamle Norge" skulle bli kva det eingong var. 1814-generasjonen sette sin eigen kampf i scene på fortidas teater og i skjønnmalte kulissar, og ga historia ein symbolsk og ideologisk funksjon meir enn ein erkjennande. Henrik Wergeland var blant dei patriotane som enno i 1830-40-åra dyrka "Fædrenes Minde" på ein måte som dei "danomane" motstandarane i Intelligenspartiet såg på som naivt nasjonalt skryt. I leseboka si har han tatt med om lag 40 tekststar som viser at nordmannen har forfedre å vere stolt av, og at "end er af Æt og af Kraft han den samme", som det heiter i Bjerregaards "kronede Nationalsang" om "Sønner af Norge, det ældgamle Rige", som sjølsagt er med i boka. (Over halvparten av desse tekstane fins i sjangrane romanse, nasjonalsang og fedrelandsk sang.)

Det var framfor alt i *Heimskringla* - Snorres fortellingar om dei norske sogekongane - at 1814-generasjonen fann eit bilde av landet og folket dei kunne vere stolte over. "Norrønafolkets Adelsbrev imellem Nationerne", kalla Wergeland den i ein tale.³⁸ Selskabet for Norges Vel syntes ikkje Grundtvigs oversetting

av Snorre var god nok, og derfor tok verkseigaren Jacob Aall på seg å oversette kongesogene for å spreie kunnskapen om stordomstida. (Han redigerte også tidsskriftet *Saga* 1816-1820, der han m.a. trykte egne oversettingar også av islendingesoger.) *Norske Kongers Sagaer* kom i 1838-39, og derifrå har Wergeland valt ut så mange som sju tekstar, som dessutan er ein heilt ny sjanger i lesebøkene. "I Snorre Sturlesons "Heimskringla" eller Ynglingeættens og de norske Kongers Sagaer indtil Kong Sverrer samt i deres Fortsættelser besidder [vor Literatur] sin kostbareste nationale Skat", skriv Wergeland i innleiinga om sjangeren.³⁹ Han minner om at historieskriving og diktekunst

have dog samme Oprindelse og vare tvillingbaarne af Menneskeaaendens Behov i den graa Old til dog at opbevare i Erindringen de Begivenheder, som imidlertid havde sammenhobet sig. Vist er det saa, at baade hos Grækere og Nordboer ere de ædleste skriftlige Mindesmærker digteriske i deres Form.⁴⁰

Snorre fortjener ein plass ikkje berre som historikar, men også som språkkunstnar.

Då Aall trykte omsettingar av islendingessoger i *Saga*, brukte han også ein del norrøne, særnorske og svenske ord. For dette blei han heftig angripen for upatriotisk (!) gjerning.⁴¹ Noe av det store ved Aalls oversetting av *Heimskringla*, meiner Wergeland er at den gjengir "vort Oldsprogs Aand og Bygning med saadan Troskab". Sogene ser han i seg sjøl som eit mønster på sjangeren historisk stil, men i Aalls oversetting er dei det "ogsaa på en national". Aall er med på å vise vegen for ei språkutvikling som skal gi nasjonen eit eige språk og dermed gi den tilbake noe av den nasjonaliteten som har gått tapt i hopehavet med Danmark:

Vi føle, at de samme Vændinger og Ord ville være os naturlige og gjængse, om Nordmændene stedse vare forblevne sig selv, og de ere os ikke mere fremmede, end at vore Bønder endnu i mange Egne bruge de samme [...]. Disses [= sagaenes] Læsning, om end kun i Oversættelse, vil, under Tilværet af et saadant Forvandskab imellem Folkets Store Mængdes Talesprog og Oldsproget, og formedelst det for ethvert Øre Tiltalende i deres Stiil, saaledes neppe være uden Indflydelse paa den Retning tilbage til os selv som Sprogets Udvikling vil tage.⁴²

Aalls sagaoversetting er i pakt med den kursen Wergeland sjøl har staka ut for det språklige reformstrevet og som han følgde i si eiga dikting, og som han i forordet til leseboka har gitt denne formuleringa, at

vort Folk, ved Opmærksomhed for sit Old= og Almue=Sprog, ved Forfatteres Gjenerobringer og Fremhentninger derfra og ved grammatiske og lexikalske Arbeider - Arbeider i selve Gruberne - i Tiden vil kunne udvikle en Eienommelighed i Skriftsproget.⁴³

Natur og nasjonalkarakter

Dei patriotane som dyrka historia, dyrka gjerne også den norske odelsbonden som den nærmaste ætlingen etter sogekongane og som inkarnasjonen av nordmannens nasjonalkarakter. Den symbolske rolla odelsbonden spela etter 1814 hadde noen av røttene sine i dei siste tiåra av 1700-tallet, i noe Gerhard Gran har kalla ei "teoretisk overklassebegeistring".⁴⁴ Då blei det mote i Danmark-Norge å hylle han som politisk symbol, ikkje minst blant reformvennlige embetsmenn, og det var slett ikkje berre diktarane i Det norske Selskab som i eit utslag av norsk sjøllehding prisa dydane og fridomskjærleiken hans.^{45/46}

Den litterære odelsbondedyrkinga starta i 1769 med Hans Bulls kjende dikt "Om Landmandens Lyksalighed ved Friheds og Eiendoms Nydelse".⁴⁷ Opp mot den europeiske arveadelens forfina og forfalne livsform set Bull der ein karakterens adelskap hos den norske bonden. ("Skiult under Vadmæl end,/ her Adel skinner frem,/ Ved kielen Blødhed ei, ved arvet Dyd fornem;/ I sildigst Efterslægt fremtinder Konge=Stamme,/ Skiønt Navnet er ei mer, er Hiertet dog det samme.") Han har den styrken og det motet sogene fortel om. Grunnlaget for den norske bondens mandige karakter er den fridommen odelsretten har gitt han, og som har frelst han frå den skjebnen den stavnsbundne danske bonden lir under. Odelsretten har den norske bonden fått av "Kong Haagen Adelsten, Harald Haarfagres Søn", som voktar arven frå gravhaugen. Fridom og eigedom har gitt den norske bonden ei arbeidsglede som fører til ein jamn og nøysom velstand som er likelig fordelt. Og han elsker fridommen og eigedommen så høgt at han ikkje drar seg unna våpenstrid for å forsvare dei. Dette bildet av nordmannen blir stadfesta og utfylt av fleire av tekstane i Wergelands lesebok (F.eks. "Bonden fornøiet i sin Stand", "Den norske Bonde", "Den frie norske Bonde" og "Liigtale over en Bonde") Noen av desse, f.eks. dei av Immanuel Grave og Jens Zetlitz, har tydelige patriarkalsk-moraliserande embetsmanns-peikefingrar, så bøndene stemde vel i røynda ikkje alltid med det bildet av nordmannens nasjonalkarakter som ellers herska.

Wergeland lar også den norskfødde Christen Pram - som ein annan stad har kalla bondefridommen for Norges "politiske Skiønhed"- få bidra til bildet av bonden og nasjonalkarakteren, som han kalla landets "moraliske Skiønhed".⁴⁸ Nordmennene er sunne og sterke og hardføre - "ikke fordærvede ved Yppighedens Forfinelser i de sidste Aarhundreder" - likefremme, høflige og gjestfrie, "og over alting ivrige Fædrelandsvenner".⁴⁹ "En levende Indbildningskraft, en fiin Følelse for det Skiønne synes at høre til Nationens Karakter, og deraf kan det forklares, hvorfor de fleste af dem, der i vort Sprog have forskaffet sig Anseelse som Digtere ere Nordmænd."⁵⁰ Hos dei norske bøndene finn Pram "tydelige Prøver paa deres ganske for Kunsterne dannede Genie", som har sett dem i stand til å skape "ovemaade mærkværdige Arbeider" uten læremeistrar. Kulturen er viktig for dei:

Deres Nationalmusik elske de til Enthusiasme; den udgjør det Væsentlige af deres Gjæstebud og deres Forsamlinger. De elske ligeledes Dands, og dandse med utrolig Lethed samt Færdighed, og ikke uden Ynde. Deres Stemme er klar; de synge godt, og forrette deres Arbeide under Sang. De opbevare fra fremfarne Dage Romancer og historiske Sange om deres Heltes Bedrifter eller om deres Forfædres og Landsmænds mærkelige og rørende Handlinger.⁵¹

Wergeland fyller ut Prams skildring av folk og levevis med to tekstar av Christopher Hansteen om "Thelebondens Huse og Husgeråd" og om "Fjeldbonden". Her blir byggeskikk og innreiing, matstell og husflid beskrive. (Og folket tar preg av naturen og landskapet: "den besværlige Fjeldgang utvikler Laar= og især Læg=Musklerne, hvorfor de sædvanlig have en smuk og kraftig Figur, og ere særdeles skikkede til alle slags Legemsøvelser og til de mest halsbrækkende Spring i deres bekjendte Nationaldandse".⁵²) Valet av tekstar viser ein tenkemåte som høyrer heime i den romantiske nasjonalismens tid: særpreget hos nasjonen ligg også i sedar, levevis og kultur. (Det typisk norske held dessutan allereie på å finne plassen sin i fjellbygdene og det indre av Austlandet.)

I den etnografisk-geografiske kartlegginga av land og folk som Hansteens tekstar er ein del av, høyrer også tekstane i sjangeren "Naturbeskrivelse" heime.⁵³ Der blir typisk norske landskap skildra av embetsmenn på oppdagingsferd i sitt eige land. Og typisk vil seie det som er *ulikt det danske*: høgfjellet, den skogkledde dalen med elva, fossen. Vi blir t.o.m. tatt med heilt til utkanten av landet, og det som fins der er minst like udansk: ishav, midnattssol og reinfart på vidda. Norge har også ein "fysisk Skiønhed" (Pram) som "de lave og jævne Egne aldrig kunne naae".⁵⁴ Leseboka skal ikkje berre gjøre elevane kjende med

landet sitt, og kva som er særleg norsk ved det, men også gjøre dei *glade* i det fordi det er så vakkert.⁵⁵ Christen Pram har ei (rousseauansk) forklaring på kvifor det er *naturlig* at nordmennene er så glade i landet: "Det er en almindelig Bemærkning, at Beboere af bjergfulde Lande altid ere meest gjennemtrængte af den Hengivenhed til deres Fødeegn, som man kalder Kjærlighed til Fædrelandet."⁵⁶ Og fedrelandet vil ikkje berre seie naturen, men også staten og samfunnet.

"Frihedens Tempel i Nordmandens Dale / stander saa herligt i Ly af Hans Fjeld"

Også i *Lesebok for den norske Ungdom* er tekstar som handlar om fedrelands-kjærleik, patriotisk dåd og dyd eller uttrykker ei patriotisk holdning, eit ideologisk fundament. Dei patriotiske (og nasjonale) tekstane dominerer heilt i sjangrane under "Historisk Stiil" og "Episk=Lyrisk Poesi" (dvs. ulike former for viser og sangar), og står sterkt også i "Veltalenhed". (I dei høgare verssjangrane fins det derimot nesten ingen patriotiske tekstar.) Titlar som "Om Fædrelands-kjærlighed" (av Laurits Engelstoft), "Til Fødelandet", "Til Fædrelandet" og "Kjærlighed til Fædrelandet" kjenner vi att frå tidligare lesebøker. Relativt sett har dei patriotiske tekstane likevel aldri vore færre enn i Wergelands lesebok (berre 57 av 349), ca. 1/6. Om vi tar med dei "nasjonale" tekstane, som ikkje er patriotiske i seg sjøl, men støttar opp under patriotismen og gjør den norsk og nasjonal (f.eks. sogetekstane, segnene og eventyra), kjem vi likevel opp i meir enn 1/4.

Det er framfor alt dei eksemplariske, patriotiske helteskildringane som er færre enn før. Dei norskfødde sjøheltane Tordenskjold, Cort Adeler og Iver Hvitfeldt held likevel stand, og det gjør også Peder Colbjørnsen og søstra Anna, gudbrandsdølane som stoppa Zinklar og noen til. Dei *norske* heltane skal ikkje glømmas, men av dei danske er det berre tre att (og ein av dei er nordmennenes yndlingskonge Christian IV). Det er dessutan berre fem av tekstane som er dansk-patriotiske.

Men det har også komme til nye patriotiske tekstar, mest i sjangrane "Fædrelandsk Sang" og "Nationalsang", der Wergeland lar "Dovrepoesien" frå slutten av 1700-tallet og av si samtids og nære fortids kraftpatriotiske embetsmanns-poetar få stor plass. (F.eks. J.N. Bruns "For Norge, Kjæmpers Fødeland", "Nordmandsønsket" av Zetlitz, Bjerregaards "Sønner af Norge" og "Konstituti-onen", "Nordmandssang" av S.O. Wolff, "Norges Flag" av C.N. Schwach,

"Norges Løve" av J.S. Munch, og "17de Mai" av H. Foss.) Ja, Wergeland har t.o.m. tatt med så mange sangbare tekstar "fordi denne Deel [= 1. bd] er bestemt at gives en Ungdom i Hænde, der, i patriotisk Henseende, har godt at indprænte sig nogle av vore bedste [Sanger] i Erindringen".⁵⁷ (Kanskje er det Laurits Engelstofts tankar om at musikken får moralen til å feste seg i sinnet og trenge inn i hjertet hos dei unge, som vi finn attom her?) At "Klippens Søn" enno er villig til å ofre alt for sitt "stolte, frie Norge" kjem der kraftfullt til uttrykk. Men dei yngre skriv ikkje om namngitte heltar som har slått svenskane. Det er den meir abstrakte "Friheden" dei vil mobilisere til forsvar for i dikt som hyllar den nye statens symbol og institusjonar - flagget, riksvåpenet, grunnlova, grunnlovsdagen og Stortinget. Den seine patriotismen er også uttrykkelig politisk liberal, i pakt med ånda frå revolusjonane i 1789 og 1830. I dei "nasjonale" tekstane er det derimot ikkje snakk om politikk eller eksempel på høg moral og offervilje i det heile. Dei skal vekke kjensla av å høyre samman som eit folk på grunn av felles fødeland, historie og kultur. Det nasjonale samhaldet er meir eit spørsmål om ei apolitisk kjensle enn ei fomuftig moralsk og politisk plikt.

Den sivile patriotismen, der moralen og politikken sto aller sterkast, har ei veik stilling også hos Wergeland, som i Sagens og Platous seinare utgåver. Det er eit tydelig teikn på at den heldt på å spele ut den rolla den hadde hatt hos embetsmennene i nesten eit hundreår. Gjengangarar som Laurits Engelstofts moralske belæring "Om Fædrelandskjærlighed" og Christen Colbjørnsens akademiske tale om "Det almindelige Bedste" forsvarar enno plassen sin, men av Ove Malling's historier om store og gode sivile handlinger fins no ingen att. Den einaste staden der sivismen framleis har eit reservat, er i tale-sjangrane. Her fins eksempel på Jonas Reins og Nic. Wergelands oratoriske kraftprøver på Eidsvold 1814 og på C.M. Falsens i Stortinget, og av seg sjølv har Wergeland tatt med ein tale "Til Forfædres Erindring".

"Og Folket lever først paa Skjaldes Munde"

Når Wergeland tar med flest norske forfattarar og langt fleire tekstar av norske enn danske i leseboka si, er det ikkje fordi dei er *bedre* enn dei danske, men fordi dei er *norske*. Tanken er at berre norske forfattarar kan uttrykke nasjonens åndelige liv og gi folket eit sjelelig fedreland. Ja, "Folket lever først paa Skjaldes Munde", skriv han i diktet "Skaalsang for den norske Literatur", og fortset: "dets Tanker maa sit Mæle faae./Det høre maa som i sin Dal/i Digt og Skrift sit Maals Metal./Det sine Sønner Sproget gav./Giv Smykker det igjen deraf!"⁵⁸ Rimelig nok dominerer derfor norske diktarar også lista over dei som har med

flest tekstar. Av dei fjorten som har fått med meir enn fem, er berre Oehlenschläger (14 tekstar), Ewald (7), Baggesen (6) og Malling (6) danske. Dei ti andre er Henrik Wergeland sjøl (21 tekstar), Claus Friman (15), Jens Zetlitz (14), Ludvig Holberg (13), Edvard Storm (11), H.A. Bjerregaard (9), Snorre/Aall (8), Claus Fasting (6), C.N. Schwach (6) og J.S. Welhaven (6).⁵⁹ Wergeland har altså nesten programmatisk gitt stor plass til norske diktarar frå sin eigen generasjon (forutan han sjøl, Bjerregaard, Schwach og Welhaven, er det m.a. M. Hansen (5) og Herman Foss (4), altså dei samme som Sagen la vekt på i 1834). Samnemnaren for dei er at dei er norskpatriotar eller nasjonale (Welhaven kanskje unntatt).

Med 'norsk' som det viktigaste kriteriet for å velje tekstar, har Wergeland gjort det lett for norske forfattarar å bli med. Det er ikkje mange av embetsmannspoetane i si eiga samtid han ikkje har gitt plass til. (Det var slett ikkje alle av dei som ga ut bøker, og dei fleste er med god grunn gløymde i litteraturhistoriene.) Om Wergeland *må* ta med ein *dårlig* tekst (for å finne eksempel i det heile tatt frå ein sjanger), skal den iallfall vere *norsk*. (Sorenskrivaren Andreas Olsen, som har med det einaste stykket i sjangeren "Mythe", har Wergeland i omtalen av forfattarane gitt den knappe og kontante karakteristikken "Poetisk Dilettant"!.) Det er tilsvarende vanskelig som dansk forfattar å få tekstar med. Her er det berre plass for dei gode, særlig etter 1814. Ja, t.o.m. diktarar som Wergeland i forfattaromtalen gir mange og sterke lovord, er ikkje representerte med så mange tekstar. (Om ein dansk tekst har norsk emne - natur, historie - er det eit argument for å gi den plass framfor tekstar med andre emne, ser det ut til.)

Klassikarane - gamle og nye

Lista over dei forfattarane som har med flest tekstar, viser både stabilitet og endring. Dei store namna frå første generasjonen lesebøker held stand også hos Wergeland, og det er mykje Oehlenschläger, Holberg, Ewald, Baggesen og Malling også her. (Fire av dei fem tekstane som fans hos alle dei andre, er også med: Storms Zinklar-verse, Ewalds "Kong Christian", Rahbeks "Fredrikshalds Minde" og Baggesens "Da jeg var lille".) Derimot har tidligare framtreddande "klassikararar" som Thaarup, Rahbek og Tode blitt annanrangs og F.H. Guldberg er heilt vekke. Det er danskane som er på veg ut av leseboka, sjøl om dei store enno er dei største.⁶⁰ Diktarane frå Det norske Selskab har derimot fått ein mykje viktigare plass hos Wergeland enn hos Sagen og Platou, ja, t.o.m. viktigare enn hos Rahbek.⁶¹ Hos Rahbek var dei med som gode klassisistar (og patriotar). Hos Wergeland står dei sterkt som nordmenn og norskpatriotar og

han tar dei til inntekt for si eiga tids patriotiske norskdomsstrev. Hos Wergeland er dessutan diktinga frå slutten av 1700-tallet mest ein klassisisme med norske og nordiske motiv, og ikkje som hos Rahbek ein som imiterte dei klassiske forbilda i mest eitt og alt.

Men den viktigaste endringa er at Wergeland sjøl for første gongen har fått ein plass blant dei store.

Geni og originalitet

Ei liste som den vi nyss har sett, fortel noe om kven Wergeland rekna som gode forfattarar og tekstar, men ikkje-litterære omsyn har også spela inn i vurderinga kva som høver i ei lesebok for den lærde skolen. Det knappe kapitlet om "Forfatterne" og sjangerlæra fortel meir beinveges om det litteratursynet som ligg attom leseboka.⁶² Forfattar-omtalane inneheld oftast litt biografi, litt bibliografi og kanskje ein estetisk karakteristikk med litt ros eller ris. (Om den aller første i den alfabetiske opprekninga heiter det, f.eks.: "Aall, (Jacob). F. 1773 i Porsgrund. Eier af Næs Jernværk ved Arendal. Oldtidshistoriker, Statistiker, smagfuld Stilist. Fædrelandet skylder ham foruden andre videnskabelige og patriotiske Fortjenester, en ypperlig Oversættelse af Snorre Sturleson.") Det liknar mykje på dei korte innleingane hos Rahbek, og dei rosande adjektiva er mest dei samme ("ypperlig", "fortrinlig", "udmærket", "smagfuld", "heldig", "udødelig", "henrivende" osv.), men karakteristikkane er jamt over meir nøkterne hos Wergeland, dei rosande adjektiva flyt ikkje så fritt frå penna og han peikar oftare på lyte. Rosen og risen har dessutan eit anna grunnlag hos Wergeland enn hos Rahbek. Hos estetik-professoren var klassikar-statusen ein toppkarakter for *god stil*, for at diktaren kjente sin *ars poetica* og kunne handverket ekstra godt, mens originalitet ikkje spela så stor rolle. For Wergeland er ikkje dette nok, han krev også djup kjensle og frisk fantasi, talent og geni. Og framfor alt er dei gode diktarane heilt *originale*. Romantikkens *creatio* har overtatt etter klassismens *imitatio*. (Kingo har "dyb Følelse og varm Fantasi", Chr. Monsen er eit "friskt, fantasirikt Digtertalent", H.C. Andersen er eit "Naturgeni", Grundtvig er "udmærket vel i Originalitet i Tanker og Sprog", for å nemne noen eksempel.) Etterlikning er ikkje bra lenger ("ikke fri for Efterligning af tyske Mønstre", heiter det om Staffeldt) og den slaviske etterlikninga er no eit teikn på dårlig diktning ("stundom plagierende"). Sjøl om det her er snakk om ein romantisk tenkemåte og ikkje ein klassisistisk, utelukkar det ikkje at Wergeland set stor pris på før-romantisk dikting berre den er fantasifull og original. Derfor har han f.eks. sluppe til også Kingo og Brorson, som Rahbek heldt ute. Og derfor har

han (som Rahbek, forøvrig) Ewald som den store favoritten: "den dansk-norske Literaturs største Geni, uopnaaet i Tankens Høihed, Følelsens Dybde og Udtrykets Skjønhed og Kraft".⁶³ Baggesen er nesten hans likemann ("det danske Sprog har ingen Herre havt som han"). Og Holberg har gjort seg uødelig gjennom komediane, som nok liknar vel mykje på Plautus' og Molières, men likevel utgjør "eet originalt Heelt" fordi "det er så vel overført paa Datids Forhold". Storm og Wessel høyrer også til dei som har skrive seg til evig liv, Storm på grunn av Zinklar-visa og visene på "Dølemaal" og Wessel med *Kjærlighed uden Strømper*. Av dei nyare er Oehlenschläger den fremste - "Stor som Dramatiker; stor som Epiker; stor som Lyriker" - men, legg Wergeland til, "ingen Digter har saa hurtigt besteget sin Zenith" som han, og i "de sidste 10-15 Aar synes hans Genius ofte at være ham troløs, men Skrivelysten usvækket". Som vi ser, er dei store namna dei samme hos Wergeland som hos forgjengarane trass i at litteratursynet er eit anna.⁶⁴

Wergelands vurdering av Oehlenschläger seier noe om korfor han også kan ha lagt vekt på noen andre forfattarar og tekstar enn forgjengarane. Der Rahbek var i tvil, let han "smagfuld Correction" gå føre "djervere, men vildere Genie". Med Wergeland er det omvendt. Fantasi og originalitet går føre reglane for "det Skjønne". (Dermed ser han Oehlenschlägers litterære utvikling som eit forfall.) Der Lyder Sagen foretrekte den seine Oehlenschläger, vel Wergeland den tidlige. Men heller ikkje Wergeland støyter den gode smaken ved å la diktar-geniusen få utfolde seg heilt fritt og vilt. Innleiingane til sjangrane gjør eit heller tradisjonelt inntrykk, og sjøl om sjangerlæra til Wergeland ikkje er noe originalt arbeid, uttrykker dei nok langt på veg hans eige litteratursyn på slutten av diktarlivet. (Av seg sjøl har han valt tekstar som kanskje ikkje eingong kunne vekke innvendingar frå Lyder Sagen eller Welhaven. Han har f.eks. ikkje tatt med noe av den "kaotiske" ungdomsdiktinga om Stella eller noe frå *Skabelsen, Mennesket og Messias*.) Når han også rekker ut ei hand til sin gamle erkemotstandar Welhaven, er det i pakt med dette litteratursynet og ikkje berre ein forsonande gestus frå sjukesenga. Han gir Welhaven ros for å vere "fortrinlig i beskrivende og fortællende Digte samt i elegiske og satiriske Refleksjoner" og for at dikta i *Norges Dæmring* "ere Mønster fra Formens Side", men innvender at "Opfindsomhed og skabende Geni synes ogsaa at mangle denne elegante Digter".⁶⁵ Wergeland flyttar nok likevel noen grenser for kva som passar seg litterært i ei lesebok - f.eks. med allmuelitteraturen - men eit brot med ein harmoniserande estetikk og ein harmoniserande dannelsings-antropologi, er det ikkje snakk om.

”Viins, Venskabs, muntre Pigers Skaal”

Grensene for kva som er moralsk godtakbart, er heller ikkje heilt dei samme hos Wergeland som hos forgjengerne. Elskov og erotikk er det rettnok like lite av som før, men skålar i lystig lag er det mange av. Dei selskapssongane som Rahbek ikkje tok med i det heile (som også Sagen unngikk, men Platou tok med prøver på), fins det heile femten av hos Wergeland, og det var neppe ukontroversielt blant fedrene at elevane fikk lese dikt som oppfordra til ”Viins, Venskabs, muntre Pigers Skaal”.⁶⁶ Til og med ein liberal lærar som Knud Knudsen meinte jo at det ikkje var ei oppgåve for skolen og leseboka å lære elevane å elske og drikke.⁶⁷

Sjølve synet på den moraliserande rolla leseboka skal spele er også eit anna hos Wergeland. (Hos Rahbek er tekstane eksemplariske både i stil og moral, mens Lyder Sagen beintfram er moralistisk.) Dei førti fablane som innleier første bindet er nok didaktiske, og utgjør ein heil katalog over kva ein bør gjøre og ikkje gjøre, men dei er ikkje peikefinger-moraliserande slik fablane hos Lyder Sagen var det. Tekstar av *exemplum*-karakter, som det tidligare var så mange av (f.eks. Ove Mallings) har hos Wergeland mest berre som rolle å nøre den militante patriotismen. Hos Wergeland er det ikkje berre den *kunstnarlige imitatio* som er på veg ut, men også den *moralske*. Tekstane er meint som eksempel *på* (sjangrar), men ikkje lenger som eksempel *for* verken skrivemåtar eller rette og gode handlingar. (Det klåraste unnataket er Claus Frimans, Immanuel Graves og Wergelands eige sterkt moraliserande lesestoff for ”den norske Bondestand”. Men det er tydelig nok *bønder* som er dei implisitte lesarane og som skal forbedras moralsk, og ikkje dei embetsmannsønnene som les i leseboka.) Samtidig som romantikkens *creatio*-estetikk overtar som kunstnarlig rettesnøre, blir moralske normer og ideal ikkje lenger like merkbare i tekstane, og den oppsedande oppgåva til litteraturen meir omveges enn før.

Skandinavismens lesebok

Hausten 1844 - samme året som Wergeland og Wessel Berg ga ut *Læsebog for den norske Ungdom* - tok Henning Junghans Thue fatt på arbeidet med *si* lesebok. Han var då knapt 30 år gammal, hadde tatt filologisk eksamen med beste karakter og hadde vore ein lovande universitetsstipendiat frå 1841 til 1844, bl.a. i ”de nyere Sprogs Literaturhistorie”. I vente på at det skulle bli ei stilling ledig

ved universitetet, blei han i 1844 konstituert som overlærer og styrar ved Arendals Middel- og Realskole, der han skulle undervise i klassiske språk, men ikkje i norsk. Initiativet til å gi ut leseboka ser ut til å ha komme frå forleggar Wulfsberg i Christiania, som håpa at den "vilde konkurrere fordelaktig med Wergeland og Wessel Bergs 'Læsebog'".⁶⁸

Då Thues lesebok kom i 1846, hadde den tittelen *Læsebog i Modersmaalet for Norske og Danske, tilligemed en Exempelsamling af den svenske Literatur og med æsthetiske og literaturhistoriske Oplysninger*. Den var på mange vis tvert motsett konkurrenten si. Mens Wergelands lesebok var "for den norske Ungdom", var Thues for både den norske og den danske. (Han håpa nok at den skulle bli brukt i noen danske skolar også, men det blei den nok ikkje.⁶⁹) Og mens Wergeland framheva det norske i språk og stil, var morsmålet for Thue enno det samme i Norge og Danmark. Dessuten har Thues lesebok, som den første i den høgare skolen her i landet, ei stor avdeling svensk litteratur i original frå Bellman til samtida. For, som det står i fortalen,

det er vel i sin Orden, at man hos os allerede paa Skolen gjøres opmærksom paa, at det svenske Sprog igrunden er det samme som vort eget, at man derved ledes til at stifte nærmere Bekjendtskab med en i mange Henseender fortrinlig Literatur, hvis Skatte med saa liden Anstrængelse ere tilgjængelige for os.⁷⁰

Thues lesebok blei dermed den mest *skandinaviske* leseboka noen gong i norsk skolehistorie.

"sammenhørende Grene af et og samme Træ"

Thues *Læsebog i Modersmaalet* er på om lag 800 sider og inneheld i alt 417 tekstar av 178 ulike forfattarar. 73 danske har fått med 183 tekstar, 51 norske har fått med 149, og dei 44 svenske har fått med 85 tekstar.⁷¹ Danske forfattarar og tekstar er m.a.o. i fleirtal hos Thue, mens

Flere av denne Læsebogs norske Forgjængere have saalidt som muligt benyttet de danske Forfattere efter Rigernes Adskillelse; ja de have endog drevet deres Udelukkelsesdom saa vidt, at de selv i Fælleslitteraturen fornæmmelig have holdt sig til norskfødte Forfattere.⁷²

Adressa for denne kritikken frå Thue er heilt tydelig Wergeland, som vi har sett

drog eit avgjerande skille ved 1814 og diskriminerte danskane hardt etter det. "Paa den anden Side", skriv Thue i fortalen "have de danske saagodtsom aldeles ignoreret den norske Literatur efter 1814, og jeg mindes kun at have seet et Par Stykker af Welhaven optagne i danske Læsebøger".⁷³ Thue godtar at dei to litteraturane har skilt lag, at eit norsk "Element begyndte at udsondre sig fra det danske", m.a. som ein følge av den kjensla av sjølvstende som norske forfattarar uttrykker. Men han legg ikkje avgjørande vekt på 1814 og politikken, og meiner at den nyare danske litteraturen "passende kunne begyndes med Øhlenschlägers epokegjørende Fremtræden", m.a.o. også av *litterære* grunnar.⁷⁴

Ut frå ei kjensle av at det litterære hopehavet mellom Danmark og Norge er i ferd med å løyse seg opp, vil han med leseboka bidra til å *halde fast ved* den relativt einsarta kulturen og morsmålet hos "begge Folk", dvs. embetsmenn og borgarskapen i dei to rika:

begge Folk ved Literaturens Fællesskab have erholdt baade et større Materiale til aandelig Dannelse og en sikkrere Garanti for Bevarelsen af sin Nationalitet. Det er i Erkjendelsen heraf, at jeg har behandlet den danske og den norske Literatur efter Rigernes Adskillelse som to fuldkommen sideordnede og sammenhørende Grene af et og samme Træ, og jeg haaber at ligesom Nordmændene bør være fornøiede over at kunde læse Heiberg, Hertz, Blicher, Grundtvig og saamange andre fortrinlige danske Forfattere uden at behøve Lexicon eller Oversættelse, saaledes ville ogsaa de Danske med Fornøielse tilegne sig Jakob Aall, Maurits Hansen, Henr. Wergeland, Welhaven o. Fl.⁷⁵

Krestomati og litteraturhistorisk antologi

I oppbygginga fører Thues lesebok vidare tradisjonen frå Rahbek, Platou og Wergeland ved (delvis) å vere ordna "efter en æsthetisk-rhetorisk Inddelingsgrund" som ei samling mønster og eksempel på ulike sjangrar og skrivemåtar.⁷⁶ Men mindre enn tredjeparten - med tekstar av både danske og norske - er ordna etter sjanger, mens resten "har til Hensigt at levere Exempler til en Oversigt over Literaturens Udvikling fra Holberg indtil vore Dage", og er m.a.o. ein litteraturhistorisk antologi.⁷⁷ (Thue avsluttar med seg sjølv!) Thues lesebok er dermed den første litteraturhistoriske antologien i den høgare skolen i Norge, så her har han orda sine i behold når han i fortalen skriv at boka "i Plan og Indretning er meget forskjellig fra alle sine Forgjengere".⁷⁸

På eit anna punkt er boka trygt innafor tradisjonen, for sjangersystemet er i prinsippet det gamle velkjente: det formelt enkle kjem først og nedst, det raffinererte til slutt og øvst, og vers har rang over prosa. Sjangerkategoriane liknar mykje på Wergeland sine, sjøl om sjangrane er færre og mindre differensierte hos Thue.⁷⁹ Som hos Wergeland har kvar (hovud)sjanger ei lita innleiing - "en sammentrængt og dog saavidt muligt fuldstændig og klar Oversigt over enhver Skriftarts æsthetiske Karakter og Love" - som med hyppige "bør" og "maa" også gir eit grunnlag for å vurdere kva som er godt og dårlig i ulike tekstslag.⁸⁰

Thues lesebok står med eitt bein i den gamle og eitt i den nye tida. Som *ei samling eksempel* på godt språk og god dikting grunnar den seg på forestillingar frå 1700-tallet om dei litterære formene som eit *kollektivt repertoar*, som er *klassisk* både i den tydinga at diktarane må ta dei til mønster for å kunne skrive riktig godt, og at formene er tidlaust gyldige. Å dikte er noe ein kan *lære* seg. Ut frå slike forestillingar er det ikkje mulig å skrive litteraturhistoria som ei historie om *utvikling*, men berre om kor godt forfattarane har beherska reglane i poetikken. Den litteraturhistoriske antologien, derimot, bygger på ei forestilling om litteraturen som *individuell og unikt verk*, og her blir *forfatterskapen* det organiserte prinsippet i staden for sjangeren. Forfattarens medfødde talent og geni blir den sentrale drivkrafta i utviklinga av såvel det individuelle skaparverket som heile nasjonallitteraturen. *Originalitet* blir eit viktigare kjenneteikn ved den gode litteraturen enn å kunne handverket og kjenne dei gode mønstra. Idéhistorisk høyrer denne tenkemåten heime i romantikken frå tida rundt år 1800.⁸¹

Å kombinere to ulike mål med leseboka - både "at give Læserne et Begreb om hvorledes Modersmaalet bør skrives" og å vere grunnlag for ei eigentlig historisk framstilling - har ikkje vore utan problem. Dei eldre - "altfor forældede Forfattere" [!] - har skrive for dårlig til å komme med i litteraturhistoria, som dermed blir ganske amputert:

At gaa længre tilbage end Holberg og tage f. Ex. Arrebo, Kingo, Bording o. Fl. med, vilde vel i literaturhistorisk Henseende være ret interessant, men det vilde neppe passe sig for en Bog, hvis Læsestykker ere bestemte til at give et Begreb om, hvorledes Modersmaalet *bør* skrives, ikke blot hvorledes det er bleven skrevet i sine forskjellige Perioder.⁸²

Den litteraturhistoriske avdelinga er delt i tre. Først kjem "Fælleslitteraturen indtil Øhlenschläger" (ca. 100 s.), dernest "Den yngre danske Literatur" (ca. 150 s.) *før* "Den nyere norske Literatur" (ca. 115 s.).⁸³ Til slutt kjem ei "Exempel-samling af den svenske Literatur" (155 s.). Tekstar av samme forfattar står

samman, men prinsippet for å ordne forfattarane i høve til kvarandre er (stort sett) *fødselsåret til forfattarane*, m.a.o. heller mekanisk og enkelt. Ved kvar forfattar er det ei lita innleiing på frå noen få linjer om dei små til eit par sider for dei store (f. eks. Oehlenschläger, Wergeland og Almqvist). Det er desse innleiingane som utgjer litteraturhistoria i boka.

Forfattaromtalane er mykje meir omfattande enn tidligare, men sjølve mønstret er kjent heilt frå Rahbeks lesebok: fødselsår og dødsår, akademisk bane og embetskarriere, noen boktitlar (oftast utan årstall) og ein karakteristikk av skrivemåte og "fremherskende Gemytsstæmning". Ei vurdering høyrer nesten alltid med - i det heile er Thue meir kritisk enn historikar i moderne mening - der han klandrar "Feil" og rosar "Fortrin". (Ordrbruken kjenner vi også frå før: "smagfuld", "fortrinlig", "heldig", "korrekt", "glimrende Fantasi", "megen æsthetisk Dannelselse", "original" osv.) Det som skil Thue frå forgjengarane, er at ikkje eingong dei aller største heilt slepp unna risen. Men han har passa på å ikkje ta med dei mindre gode tekstane i leseboka: "jeg tror ialfald ikke, at nogen af de optagne Forfattere elle Skrifter skal gjøre de Øvrige Skam."⁸⁴

I sjangerlæra skriv Thue at til "at bestemme Poesiens (ligesom al Kunsts) Karakter eller ejendommelige Beskaffenhed i de forskjellige Digtværker indvirker saavel Tidsalderens som Nationens og Digterens Karakter".⁸⁵ Desse tre "karakterane" kunne Thue ha brukt som bærebjelkar i ein literaturhistorisk konstruksjon som kunne gitt det han i fortalen lovar lesarane: eit oversyn over "de prosaiske og poetiske Skrifers [...] Udvikling i sit Modersmaals Literatur".⁸⁶ Men verken med den literaturhistoriske antologien eller i forfattaromtalane har Thue freista å bestemme litteraturens eiendommelige preg eller historiske utvikling på grunnlag av tidsånda eller eit nasjonalt særpreg. (Eit individuelt særpreg prøver han derimot iblant å få fram.) Noe utviklingsperspektiv fins egentlig ikkje i det heile tatt, bortsett frå at einskildforfattarar kan bli *bedre* med åra (Wergeland) eller *dårligare* (Oehlenschläger), og noen egentlig litterær kronologi fins knapt, berre ein biografisk. Når Thue nemner ein forfattar i samband med andre, er det for å peike på forbilde, og påverknad er (som hos Wergeland) ikkje lenger så bra.⁸⁷

At dette ikkje er særlig god litteraturhistorieskriving, er ikkje berre noe vi i dag kan sjå med hjelp av seinare litteraturteoriar og metodar. Allereie kritikarane i samtida var lite nøgde med kva den tidligare universitetsstipendiaten i litteraturhistorie hadde prestert, og ga denne sida av leseboka hard medfart. Knud Knudsen fann at "Bogtitler og biographiske Bemærkninger [ere] et meget tarveligt Surrogat for en egentlig Literaturhistorie".⁸⁸ Og den meir polemiske poeten og

kritikaren Rolf Olsen karakteriserte egentlig Thues metode ganske presist:

Hr Thue nærer overhovedet den Forestilling om Literaturhistorie, at dette Fag alene bestaar i at angive nogle Forfatteres Fødselsaar samt Titlerne paa deres Skrifter, hvilke Ingredienser sammenstilles med nogle fade Bemærkninger om deres Virksomhed, der paa en mat Maade oscillere mellem Roes og Dadel.⁸⁹

”Poesi”: tekstar med ”et Formaal i sig selv”

I sjangerlæra har Thue framstilt det kunst- og litteratursynet som ligg attom leseboka. Det kan vi kalle real-idealistisk, for med kunst meiner han ”Evnen til at fremstille Sjælebilleder paa en for Sandserne opfattelig Maade”.⁹⁰ Og med ”Sjælebillede” meiner han ein *idé* som kunstnaren dannar seg i sjela med hjelp av kjensle og fantasi som eit bilde av røyndommen. I eit kunstverk trer røyndommen fram i ei foredla og meir fullkommen form enn den gjør beinveges for sansane.

Ideen opstaar i Sjælen derved at noget til Virkeligheden henhørende gjør Indtryk paa Følelsen; dette Indtryk udvikles ved Fantasiens Hjælp til et fuldstaændigt Sjælebillede; naar da dette Sjælebillede ikklædes en sandselig Form, fremstaar et Kunstværk.⁹¹

Mellom idé og sanselig form - kunstverkets sjel og kropp - ”maa Harmoni og Overensstemmelse finde Sted”.⁹² Det foredla og fullkomne i kunstverkets ”Sjælebillede” ligg i den ”Skjønhed” som oppstår når idé og form utgjør ein harmonisk einskap.

Diktarane framstiller idéar i sanselig form med hjelp av *språket*, og kunstverka deira kallar Thue ”Digting” eller ”Poesi”. Poesi betyr altså ikkje berre versdikting, men også prosa med en ”skjøn og uttryksfuld Fremstillingsform”. Rahbek og hans generasjon rekna gjerne diktinga til dei skjønne vitskapane, mens Thue reknar den til dei ”de skjønne *Kunster*”. (Hos Thue opptrer uttrykket ”Skjønlitteraturen” for første gongen i ei norsk lesebok.) Hos Rahbek hadde kjensler og fantasi skilt lag med fornufta. Som sjeleevne sto fornufta over dei to første også i diktinga. Skillet mellom kjensle/fantasi og fornuft finn vi att også hos Thue, men no er det dei to første som er dei viktigaste og kunsten er ikkje lenger ein stad der fornufta ovrar seg. For Thue har også vitskapane og kunsten skilt lag.

Dei skjønne kunstene kallar Thue også "de frie Kunster". Med *fri* meiner han at kunsten "har et Formaal i sig selv og saaledes er uafhængig af ethvert ydre Formaal".⁹³ Om eit kunstverk også har andre formål enn å gi idéar ei sanselig og skjøn form - "f. Ex. at belære eller overhovedet at stifte Nytte" - er det berre delvis eller relativt eit kunstverk. Den ekte kunsten er eit eige omkverve, ein autonom sfære frigjort frå alle praktiske oppgåver. Motsetninga mellom kunst og praktisk nytte kjenner vi alt frå slutten av 1700-tallet, men kunsten sto den tid enno ikkje i motsetning til belæring, og diktinga ga dei gjerne ei beinveges oppsedande rolle. Autonomi-synet såg vi som ein tendens allereie hos Rahbek, som langt på veg stengde høvespoesien og bruksdiktinga ute frå leseboka, men "Hjertedannelsen" var framleis overordna "Smagsdannelsen", dvs. at estetikken i siste hand var underlagt moralen. Hos Thue er autonomi-tenkemåten meir radikal, iallfall i den estetiske teorien: kunsten er til berre for si eiga skuld, og står ikkje i teneste verken for religionen, moralen eller politikken.

Thue reknar først og fremst verstekstar til poesien. Det gjeld også den didaktiske versdiktinga, men han set den lågare enn f. eks. lyriske vers fordi den inneheld "Sandheder [...] for hvilke han [= diktaren] ønsker at interessere andre", og m.a.o. har eit praktisk bi-formål. Prosaen kan derimot brukas også til andre formål enn til å skape "Poesi", men "isaafald tilhører den slet ikke eller ogsaa kun delviis eller relativt Poesien".⁹⁴ Prosatekstar med "rent ydre og praktiske Hovedformaal" har dermed ein plass i poesien berre om dei er skrivne i ein "skjøn og udtryksfuld Fremstillingsform".⁹⁵ Historiske, beskrivande og didaktiske sjantrar, som også "have et andet Poesien uvedkommende Formaal", høyrer altså heime i leseboka berre om tekstane er skrivne av språkkunstnarar.⁹⁶ Det same gjeld talekunsten, "hvis Formaal ved Siden af det poetiske er det at indvirke paa og bestemme Andres Villie".⁹⁷ Vi ser at Thue tar enda eit avgjerande (teoretisk) steg mot å stenge ute frå leseboka alle tekstar som ikkje er dikting (i moderne meining), dvs. alt som ikkje er vers eller fiksjonsprosa. Men han har likevel funne så mykje velskriven sakprosa og talekunst at dei dei praktiske følgene for leseboka av tankane om den frie og skjønne litteraturen enno ikkje har blitt så store. (Av 162 prosatekstar en berre 63 fiksjonsprosa mens 99 enno er talar og slikt vi reknar som sakprosa.)

"det poetiske Afpræg af et bevæget og begejstret Gemyt"

Tekstar på vers er i stort fleirtall også i Thues lesebok: 255 av 417 tekstar, dvs. at over 60 % er i bunden form. Og av versdiktinga høyrer heile 150 tekstar heime i ulike *lyriske* sjantrar.⁹⁸ I Thues estetikk har ikkje berre kjenslene fått ei

anna rolle og ein annan rang enn før. Det har også den diktinga der det subjektive og kjenslefylte er sjølv "det poetiske Stof" og der sjølv formålet er å framstille *kjensler i idealisert form*. Slik er definisjonen hans av "lyrisk Poesi":

Den lyriske Poesi er det umiddelbare Udtryk i Sproget for idealiserede (eller til Ideer ophøiede) Følelser, det poetiske Afpræg af et bevæget og begejstret Gemyt. De ved hvilkensomhelst Gjenstand opvakte Følelser gjøres her umiddelbart til Gjenstand for Fantasien, idet denne danner af dem en Fylde af Ideer, der, ikklædte en tilsvarende Sprogform, anskueliggjøre Følelsernes Styrke og eiendommelige Natur.⁹⁹

På den tid som diktarens individualitet trer i forgrunnen for eit heilt nytt litteratursyn, blir kjenslene og sjelelivet hans også meir interessant som utgangspunkt for sjølv diktinga. Men samtidig som "Følelserne maa fremstilles med Præget af Digterens Individualitet, maa de ogsaa ha et almen-menneskeligt Præg".¹⁰⁰ Den store diktaren er han som kan løfte det subjektive og individuelle opp til idéens evige og allmenne plan.

Den nye subjektive poesien - den som f.eks. uttrykker religiøse kjensler, kjærleik, sagn, lengsel, vemod - står dessutan for ei inderliggjøring av den lyriske diktinga. Dei tidligare, ofte sangbare lyriske tekstane uttrykte heller begeistring, glød e.l.. Diktinga har endra seg i den måten den talar til lesaren på. Tidligare var lesaren like mykje ein tilhøyrar, tekstane var meir deklamatoriske og retorikken i dei føresette så å seie ei framføring. Mykje av den nyare diktinga har ein meir stillferdig tiltale i seg og høver best til tyst lesing i einerom. Dette er ei utvikling som har gått gradvis frå siste tredjeparten av 1700-tallet. Vi kan sjå den også av dei endringane Lyder Sagen gjorde i si lesebok. Retorikk og offentlegheit høyrer samman, liksom den subjektive inderlegheita heng ihop med at litteraturens omkverve meir blir det private og intime.

Den diktinga Thue set høgast, er den som viser kjensler og fantasi, djup tanke-rikdom og originalitet, og der idé og form utgjer "et harmonisk Helt". Av ti-på-topp-lista kan vi sjå at det er romantikarar og førromantikar som fyller krava best. Wergeland kjem først (med 20 tekstar), deretter kjem Oehlenschläger (14), Welhaven (11), Baggesen (8), Ewald (8), Ingemann (8), H.C. Andersen (8), Grundtvig (7), Tegner (7), Staffeldt og Holberg (begge 6). Dei heilt nye på denne lista er Ingemann, Grundtvig, Staffeldt og Tegnér, og ifallfall dei tre første av dei representerer den subjektive og inderliggjorte diktinga. Klassisistane frå Det norske Selskab (Friman, Zetlitz, Fasting og Edvard Storm) er reduserte til andre rang, og det samme er 1814-generasjonens embetsmanns-poetar. For

første gong er også Ove Malling utanfor lista. Verd å merke seg er at av denne lista er sju danskar og berre tre nordmenn. Det heng sikkert saman med at Thue håpa at boka skulle bli brukt i Danmark og. Men framfor alt betyr det at boka - heilt ulikt Wergelands - ikkje først og fremst skal stå i teneste for ei danning med nasjonalt innhald.

”harmonisk Helt” og ”lyrisk Uorden”

Kravet om at idé og form skal utgjøre ”et harmonisk Helt” var langtifrå nytt på Thue si tid, men snarare ein arv heilt frå antikkens kunst-lære. På 1700-talet hadde fornufta tøyta både idéane og formene og synet på kva som var harmonisk. No har kjenslene og fantasien overtatt etter fornufta som reiskap for erkjenninga, og då blir formene også slepte friare. Fantasien kan ikkje bindas heilt av fornuftas språk. Til den nye fridommen for diktinga høyrer også at dristigare bilde blir godtatt, og forestillingane om kva som er harmonisk endrar seg. No blir ”den saakalde *lyriske Uorden* eller *lyriske Flugt*” brukt som uttrykk for ein ny språklig fridom, som også Thue gir rom for. Men han tar eit klart atterhald:

Men ihvor dristig og fra den almindelige Forestillingsgang afvigende end den lyriske Flugt bliver, maa den dog aldrig blive til en virkelig Uorden; der maa altid være en indre Sammenheng mellem de tilsyneladende forskjellige Led, som den sammenknytter, og Mellemeddlene, som overspringes, maa altid Fantasien kunne supplere.¹⁰¹

Grensene for kva som er harmoni og kaos er likevel andre hos Thue enn hos Lyder Sagen, og Wergeland er ikkje berre komen med i leseboka, men har også fått ein sentral plass som ein av dei store. Men *den* Wergeland som Lyder Sagen ikkje ville ha med, held også Thue god avstand til, og dei delar tydelig nok det synet at ei kaotisk og uskjønn diktform berre kan skape uharmoniske, dvs. uedle sjeler. Ungdomsdiktinga med det kunstnarlig radikale bildespråket - kjærleiks-diktaren, deisten og republikanaren - er ikkje med i Thue sitt utval heller, og i omtalen av Wergeland fortel han omveges kvifor:¹⁰²

Allerede tidlig optraadte han på Forfatterbanen og lagde rige Digterevner for Dagen, men hans Karakter og Hæftighed hindrede ham i at udvikle disse ved Studium og Selvkritik, og hans poetiske Arbejder vare derfor i lang Tid mere Materialier til Kunstværker end Kunstværker selv; i dem alle fandtes ved Siden af herlige poetiske Lysglimt og glimrende Billeder en Mængde

uskjønne Enkeltheder der forstyrrede Nydelsen af hine, og det Hele frembød kun det sørgelige Syn af en rigt begavet Digeraand, der af Mangel paa æsthetisk Dannelse og Taalmodighed i Gjennemarbeidelsen af sine Ideer maatte ligge under for sit Stof.¹⁰³

Argument av samme slaget brukar Thue også mot Almquist. Han rosar mange av diktverka hans, men kan ikkje følge han i den kunstnarlige, moralske og ideologiske radikalismen:

næsten i ethvert av dem støder man ogsaa paa meget Vrangt, tildels Umødent, og hans Originalitet udarter ofte til en vidtdreven Jagen efter Paradoxer. [...] Blandt [...] Almquists Digterværker [...] har intet gjort saameget Opsigt og fremkaldt en saadan Storm af Opposition mod Forfatteren som Novellen "Det går an", hvor de i den senere Tid især i Frankrig fremtraadte for en stor Del forskrudede og ensidige Theorier om Ægteskabsbaandets umoralske og uskjønne Sider ere udviklede i en Fremstilling, der er mindre Talentfuld end man er vant til at finde hos Almquist.¹⁰⁴

Thue er nok romantikkens mann, men det estetiske, moralske og politiske *oppøret* vi kan finne hos diktarar av Wergelands og Almquists slag, har han ikkje noe til overs for.

Litteratursyn og oppsedingssyn

Attom tekstutvalet og argumenta til Thue ligg det litteratursynet som han har lagt for dagen i innleiingane til sjangrane: læra om det autonome kunstverket og den autonome litteraturen. *Positivt* gir den det utslaget at den ekte poesien - dvs. tekstar som "er uafhængig af et ydre Formaal" - har lettast for å få ein plass. *Negativt* artar det seg slik at tekstar med tvilsom moral eller politisk bodskap *ikkje* blir tatt med. Argumenta mot er dels kunstnarlige ("uskjønne Enkeltheder, "mindre Talentfuld"), dels moralsk-ideologiske ("ungdommelige Forvildelser", "forskruede og ensidige Theorier"). Vi ser både den positive og den negative sida av dette normsettet i Thues val av Bellman-tekstar. Han har tatt med to maleriske folkelivsidyllar utan den "vilde bakkanaliske Inspiration" som han i innleiinga skriv åndar av Fredmans *Epistler* og *Sånger*. Det moralske "vakthaldet" ser vi eksempel på også i Knud Knudsen si melding av leseboka. Knudsen var liberalar, men likevel syntes han Thue hadde gått vel langt med ein tre-fire kjærleiksdikt (som er ytterst sømmelige for oss) og selskapsonger, og han skriv at:

i Regelen intet burde optages som Læreren vilde betænke sig paa, i Elevernes og Andre Nærvarrelse at meddele de Første som sit Eget, Intet som en Fader eller Moder vilde betænke sig paa at ytre i sit Barns Nærvarrelse. Nu, Stykker som ligefrem udtale forkastelige moralske eller religiøse Sætninger, har jeg visstnok ikke fundet i Hr. Thues Læsebog. Imidlertid kunde Udgiveren dog ligesaa gjerne have valgt andre Stykker som f. Ex. 31, 33, 122 og 188. At elske og drikke læres nok med Tiden, uden at saadan Bedrift eller Spøg læres af Skolen. [...] Der findes dog vel nok at fylde Bogen med, om man end forbigaaer Stykker, om hvis Hensigtsmessighed i en Skolebog der med Grund kan være mere end een Mening.¹⁰⁵

Når det gjeldt det synet Thue har på kva som er god litteratur og god moral og politikk, kan vi godt bruke ein karakteristikk han sjøl har brukt (om rettskrivinga i boka): han "holder en passende Middelvei mellom en altfor stabil konservatisme og en altfor radikal Reformstræben".¹⁰⁶ Det var nok ei god oppskrift på ei bok som knapt kunne tillate seg å provosere lærarane eller fedrene til dei gutane som skulle lese den.

Også Thues lesebok viser tydelig korleis synet på litteraturens oppsedande rolle har endra seg frå den første generasjonen av lesebøker, og den viser at det fins eit samband mellom den nye estetikken og det nye oppsedingssynet. Tidligare var estetikkk og moral nært knytte til kvarandre, og litteraturen såg dei som eit godt middel til å utvikle dyd og sedelighet. Den moralske appellen i tekstane var ofte tydelig - f.eks. hadde tekstar som framstilte moralske og politiske (dvs. patriotiske) føredømme ei sterk stilling - og attom utvalet i lesebøkene kunne vi finne ei beinveges moraliserande holdning (Sagen). Mens den moralske påverkinga tidligare var eit *oppdrag* leseboka hadde, førekjem ikkje i innleiingane hos Thue i det heile tatt ordet *dyd*, som var eit nøkkelord i diskusjonen om oppseding og litteratur tidligare. No er det meir snakk om å passe på at grensene for det gode og sømmelige ikkje blir overskridne. (Eigentlig er det slik at moralen og ideologien får ein plass djupare i tekstane, slik at den ikkje øydelegg kunsten ved at den ikkje framstår som eit formål i seg sjølv.)

I Thues lesebok er tekstane frå exemplum-sjangrane ganske få. (Jfr. at Ove Malting ikkje lenger er blant dei som har med flest tekstar.) I staden er den subjektivt-inderlige lyrikken på frammarsj. Litteraturen skal ikkje lenger tale til viljen, men vekke edle kjensler og idéar og god smak. Ord som "Smag" og "smagfuld" førekjem framleis ofte, og om diktinga enno står i samband med moralen, er det meir omveges gjennom forestillingane i smaks-omgrepet, for eit

menneske med smak er også eit danna menneske, dvs. eit edelt og godt menneske. I Thues lesebok har poesien endelig overtatt den oppgåva opplysningsmennene på 1700-tallet hadde gitt pedagogikken. Og den nye poesien har endelig brakt diktinga heilt på høgde med omgrepet om "Dannelse", som no først og fremst betyr "Smagsdannelse" og berre omveges "Hjertedannelse".

"Tredelt er Nordens Stamme, men Roden er dog en"

Frå omkring 1840 til midt i 1860-åra fikk idéen om Norden som ein kulturell og politisk einskap støtte hos ein del studentar og embetsmenn både i Danmark, Sverige og Norge. Oppslutninga om *skandinavismen*, som rørsla blei kalla, var størst i Danmark og minst i Norge. I alle dei tre landa var det helst nasjonal-liberale som dei første åra var for samhald og samarbeid, men slett ikkje alle nasjonal-liberale var skandinavar. (Her i landet var filosofen Marcus Monrad og historikaren Ludvig Kr. Daa i 1840-åra dei fremste talsmennene for, mens Henrik Wergeland var kraftig imot.) Frå 1845 vann skandinavismen også tilhengarar i Intelligenspartiet, og avisa *Den Constitutionelle* blei eit talerøyr for idéen.¹⁰⁷

Dei store ideologane for rørsla var danskane Orla Lehmann og Carl Ploug. I Danmark var skandinavismen også tydeligast *politisk*, dvs. at dei gikk inn for eit statsforbund under éin konge, eitt "fælles Fædreland - vort store, herlige skandinaviske Norden", slik Orla Lehmann ordla seg i ein tale som Thue har tatt med i leseboka.¹⁰⁸ For Lehmann ville dei nordiske statane "først rettelig fuldbyrde sin Opgave" når dei gikk saman i "den høiere Enhed".¹⁰⁹ I diktet "Nordens Enhed", som også er med i leseboka, gjør Frederik Barfod (ein annan framstående dansk skandinav) Nordens samling til både naturens orden og Guds vilje:

Og skal da Tiden evig Norden skille? -
 Nei, - "Tiden maa tilsidst som Herren ville!"
 - Tredelt er Nordens Stamme,
 men Roden er dog en,
 og Kronens Løvtag samler
 tilsidst hver Stammes Gren!
 - Skilsmis=Stund! sig naar er du omme?
 Haabets Tid, sig, naar vil du komme?
 Enheds Tid!¹¹⁰

Blant dei liberale patriotane i Norge hadde motstanden vore stor i 1830-åra både mot det kulturelle "danomaniet" og mot politisk "Amalgamation" med Sverige,

og den skandinaviske gløden blei mattare her. Men det gikk godt an å vere nasjonal og skandinav på samme gong. Skandinavismen ga kvart folk rett til å halde fast på nasjonaliteten samtidig som fellesskapen og slektskapen med "skandinaviske Brødre" blei sett høgt. Men i og med at det nasjonalt særlege blei bestemt som det som er *forskjellig* frå særpreget til andre nasjonar, kunne heller ikkje skandinavane vere like pågåande nasjonale som ikkje-skandinavane. Å framheve det nasjonale som skilde på bekostning av det samlande nordiske, gikk ikkje.¹¹¹ Den formelen som løyste problemet om det nasjonale kontra det nordiske, var å "føle sig som forskjellige og dog som Et, som selvstændige og dog som Dele af et Helt", slik det står i ein tekst i leseboka til Thue.¹¹²

I Norge var skandinavismen helst ei *kulturell* rørsle, der dei såg for seg ei "aandelig Forening" av dei nordiske nasjonalitetane. Men også her hørde den kulturelle samkjensla i hop med tankar om eit politisk og militært samhald om eit av landa trong hjelp mot fiendar. For, som det står i leseboka, "det er ei faa Exemppler som Historien giver os paa, at et Folk er gaaet til Grunde, at en Nationalitet er tilintetgjort".¹¹³ Danskane var redde for at tyskarane skulle gjøre krav på grenseområda i Slesvig, eller t.o.m. på heile landet, og i Sverige var det mange som enno såg russarane som fiendar etterat dei i 1809 hadde erobra Finland. Kvar for seg var statane små og veike, men *Norden* var sterkt. Eller som Assar Lindeblad skriv i "Skandinavisk ynglingasång":

Idéer bryts, hjertan sammangjutas,
och Nordens sköldar sammangjutas,
och folken, barn af samma hjeltmoder,
hvem splittar, hvem besegrar dem hämäst?¹¹⁴

Henning Thue var av dei som blei aktiv skandinav først i 1840-åra, då han lærte å kjenne både Lehmann og Ploug personlig.¹¹⁵ Leseboka hans er eit tydelig praktisk utslag av ein *kulturell* skandinavisme, ei støtte til "den Tendents til aandelig Sammenslutten, der i de senere Aar saa kraftigt hat yttret sig i de tre nordiske Riger", slik han skriv i forordet.¹¹⁶ I samme ånd skreiv Thue i 1846 også ein lang artikkel i det danske *Nordisk Literatur-Tidende* om "Norsk Lyrik", og han ga ut eit utval norske dikt - *Norsk Anthologi* - i Kjøbenhavn i 1847.¹¹⁷ Thues skandinavisme var heller ikkje berre litterær og kulturell, men han understreka også sterkt solidariteten mot Det tyske forbundet og Russland.¹¹⁸

Thues skandinavisme kjem til uttrykk i leseboka på mange måtar, bl.a. har han gitt plass til noen tekstar som krøffullt fører fram skandinavismen, bl.a. talar av Ploug og Lehmann som eksempel på politisk talekunst. (Slikt skulle Wergeland

aldri ha tatt med.)¹¹⁹ Den kjem også til syne i innleiingar om sjangrar og i forfattaromtalar, der Thue sjøl har ordet. Framfor alt viser den seg i at norsk nasjonalitet ikkje er brukt som ein nøkkel til å lukke inn eller stenge ute tekstar, men at viljen hans til "aandelig Forening" langt på veg har likestilt dei tre nasjonallitteraturane. Her er skilnaden til Werelands lesebok prinsipiell.

"Naar Talen derfor er om vor Literatur, da er Nordens Enhed vort Haab."

Henrik Wergeland ville gradvis bort frå språkfelleskapen med Danmark bl.a. ut frå den romantiske tanken at berre eit særeige norsk språk kan vere eit fullkomment uttrykk for ei norsk ånd. Henning Thue, derimot, ville *bevare* den språklige fellesskapen, det ser vi allereie av tittelen på leseboka. I og med at morsmålet er eitt, vil Thue også et litteraturen skal vere ein, fordi

Litteraturens Omraade ingenlunde er saa stort, at det kan taale at udstykkes i to af hinanden uafhængige Gebeter. Det er netop en af de faa Fordele, som ere tilflydte Nordmændene og Danskerne af Kalmarunionen og som de derfor bør søge saavidt muligt at fastholde istedenfor at støde fra sig, at begge Folk ved Litteraturens Fællesskab have erhøldt baade et større Materiale til aandelig Dannelse og en sikkrere Garanti for Bevarelsen af sin Nationalitet.¹²⁰

Den nordiske litteraturen består dessutan ikkje berre av to, men av tre nasjonalitteraturar. I eit stykke i leseboka om "Nordens literære og nationale Enhed" tar D.G. Monrad til orde for ein litterær skandinavisme ut frå formelen "selvstændige og dog som Dele af et Helt":

Derom er Alle uden Undtagelse enige, at Nordens Literatur maa blive een, at hvert enkelt af de tre nordiske Lande maa udvikle sig i aandelig Henseende med Uafhængighed og Selvstændighed, men at Enhedens Baand desuagtet maa omslynge og sammenknytte dem. Naar Talen derfor er om vor Literatur, da er Nordens Enhed vort Haab.¹²¹

Det er i pakt med eit slikt syn at Thue har tatt med den svenske litteraturen i fellesskapet, og fordi "det svenske Sprog i Grunden er det samme som vort eget".¹²² Heilt ned til rettskrivinga kan vi også sjå at Thue vil gjøre det lettare å lese grannespråka, for han har delvis skrivne dei danske og norske tekstane om etter Rasmus Rask lydrette stavingsprinsipp, som Rask også rekna med skulle gjøre det lettare for folk i Norden å forstå skriftspråka til kvarandre.

”hvor Nordens Tunge ei forstummed, en nordisk Aand i Nordens Hjerter bor”

I eit stykke i leseboka om ”Det oldnordiske Sprogs Enhed” fortel N.M. Petersen at alle forsto kvarandre i det gamle Norden kor dei enn kom frå, og at dagens nordiske språk ”alle kunne betragtes som Hoveddialekter af et og samme Tunge-maal”.¹²³ Denne teksten om den opphavlige språkfelleskapen i ”Oldnordisk” skal ikkje berre forklare kvifor språka er så like kvarandre og at ”en i mange Henseender fortrinlig Literatur” er tilgjengelig for oss ”med saa liden Anstrængelse”.¹²⁴ Den skal også fortelle at eit felles språk er grunnlaget for ei felles ”Nordens Aand” og at folk her er i slekt med kvarandre. ”Nordens Tunge nævne vi dens Røst [...] /den magisk sammenbinder Sjæl med Sjæl”, skriv B.S. Inge-mann i eit dikt i leseboka, der han held fram:

Tre Folk i Nord hin Aanderøst fornemme,
 hvorhen de i den vide Verden gaa,
 og, hvor en skandinavisk Sjæl har Stemme,
 tre Rigers Sjæle kan hans Røst forstaa.

[...]

Jeg ved: hvor Nordens Tunge ei forstummed,
 en nordisk Aand i Nordens Hjerter bor.¹²⁵

I dette diktet fins det romantiske språksynet som vi tidligare har sett brukt som argument for den *nasjonale* samkjensla og *nasjonalstaten*. Men her er både folket og landområdet eit anna: Norden er nærmast ein *over-nasjon* og folket har ein *over-nasjonalitet* som bind saman der mangt anna splittar. Vi har sett korleis Henrik Wergeland brukte eit romantisk språksyn for å sette det norske først, og at argumentasjonen hans for å ta med danske tekstar nærmast var juridisk. I Thues lesebok blir eit romantisk språksyn brukt som argument for at det fins ei *nordisk folkeånd* og at ein skal lese den nordiske litteraturen fordi det er beslektet sjeler som talar.

”Nordens Kjæmpeaand”

Den seine nordiske historia ga skandinavane mange eksempel på strid og ufred. Den kunne derfor ikkje brukas som eksempel for einskap og samhald. Denne oppgåva fikk ”det gamle Norden”. Der sto ”det aandelige Kjæmpelivs Vugge”, skriv Grundtvig, som også fortel at Nordens folk ”lige siden Folkevandringen, øiensynlig [har] været Menneskeandens ypperste Vaabendraagere paa Jor-

den".¹²⁶ Denne stolte "Nordens Kjæmpeand" fann skandinavane framfor alt i dei gamle litterære overleveringane: i sogene og mytene i Eddaen. Nasjonalromantiske diktarar henta stoff frå "den nordiske Heltetid" (eit uttrykk Thue nyttar mange stader) til drama og dikt, og også dette kunne skandinavane bruke.

I Thues lesebok finn vi eksempel på alt dette, og synsvinkelen hans er ikkje reint litterær eller nasjonal, men nordisk, det kjem fram i innleiingane. Vi ser det f.eks. tydelig i omtalen av *sogene*. For Wergeland er dei *norske* fordi dei som har skrive dei, er av *norsk* ætt og fordi dei handlar om *norsk* historie. Språket i sogene hallar han "*Oldnorsk*" og han reknar dei som *nasjonale* klenodiar. For Thue handlar sogene om dei *skandinaviske* folka si gamle historie og språket i dei er *fellesnordisk*:

De skandinaviske Folks ældste Historieskrivning inneholdes i de saakaldte Sagaer, der i en eiendommelig naiv og interessant Fremstilling skildrer den skandinaviske Oldtids Liv og Bedrifter. De ere skrevne i det oldnordiske Sprog, fordetmeste af Islændere.¹²⁷

Snorre er ikkje norsk, og sjøl *Heimskringla* inneheld "oldnordiske Sagaer" som ikkje berre høyrer til norsk litteratur, men til heile den nordiske. Ei strofe om Snorre av skandinav St. St. Blichers er i pakt med Thues syn på sogene, både som historisk vitnemål og aktuell inspirasjon til samhald i Norden:

o Snorro! dit Sagn og din herlige Sang
blandt Norriges Bjerge gjenlyde!
i Svithiods Dale, paa Dauniens Vang
det nordiske Hjerte du fryde!¹²⁸

Dei gamle Edda-mytene spelar hos Thue litt av den samme rolla som sogene: dei viser at det var "baade Aand og Hjerte i de gamle Kjæmper".¹²⁹ Og mytene er enda eldre enn sogene, dei "tilhøre et Folks Barndomsalder", skriv Thue.¹³⁰ Nærmare ei opphavlig samnordisk ånd er det ikkje råd å komme. I leseboka fins mytene attfortalde av både danskar og nordmenn, og dei skal gjøre lesarane kjende med dei store namna i den nordiske gudeverda, både dei gode asene og dei onde jotnene. I mytene fins spor av folkets "tidligste Aandsvirksomhed", av grunnlaget for religionen og moralen, og dei er derfor "dets aandelige Skatkammer".¹³¹

Interessa for "den nordiske Heltetid", for soger, myter, segner, eventyr og folkeviser var typisk for heile den nasjonalromantiske rørsla og ikkje berre skandina-

vismen. Då Thue tok med tekstar av f.eks. Oehlenschläger, Grundtvig, Geijer og Tegnéer som i motiv og form knytte seg til vikingetid og middelalder, var det også gode litteraturhistoriske grunnar for det. Men Thue *framhever* nettopp denne diktinga hos noen av dei han reknar til dei aller største, og han gjør det som *skandinav*. Om Oehlenschläger - "de nordiske Digteres Fyrste" - skriv Thue f.eks. at han

fremstillede i "Vaulunders Saga" et herligt Billede af det skandinaviske Nordens dybe alvorlige Oldtid. Det er en af Øhlenschlägers største Fortjenester, at han ved dette og ved en Række senere dramatiske, lyriske og historiske Arbejder vakte hos Folket en levende Interesse for den skandinaviske Oldtids Mythologi og Historie. [...] I alle disse Digtninger aabenbarede sig en sand og livfuld Opfattelse af det gamle Nordens Aand og et ualmindeligt rigt Digtergeni.¹³²

Skandinavismen kunne vere politisk, men "Nordens Aand" - den skandinaviske identiteten - var eit spørsmål om *kultur*. Den over-nasjonale fellesskapen bygde skandinavane, nøyaktig på samme viset som nasjonalistane tidligare tok til å gjøre det med den nasjonale, bl.a. på *språk, historie og litteratur*.

Skandinavismen hos Thue - politisk eller upolitisk?

Korleis kan den tydelige skandinavismen i leseboka stemme med tanken om den autonome litteraturen, som ikkje kan vere underordna verken religion, moral, politikk eller anna "praktisk Nytte"? Forklaringa kan vere at det berre er noen få tekstar som beinveges tar til orde for den skandinavistiske ideologien. Dei andre tekstane som høyrer i hop med skandinavismen - f.eks. sogene, mytene osv. - er ikkje skandinaviske i seg sjølv. Og det store fleirtallet av tekstar har isolert sett ingenting å gjøre med skandinavismen, men er likevel tenkt å skulle fremme den åndelige einskapen berre ved å finnas i boka. I og med at hensikten med leseboka var litterær og kulturell einskap, rekna nok Thue med at idéen om den reine kunsten likevel ikkje var krenka.

Men skandinavismen var ikkje - i motsetning til patriotismen tidligare - uproblematisk som ideologi attom ei lesebok. Det fans nasjonale anti-skandinav som både såg ideologien i Thues lesebok og som mislikte den sterkt. Ein av dei var redaktøren i Trondhjems-bladet *Nordlyset*, Anthon Bang, som skreiv at "Hr. Thue har i sin Læsebog gjort en Begyndelse til Literaturenes Sammensmelten", og det var ikkje meint som ros, for ironien vidare i utsegna er ikkje til å ta feil

av: "Men han har i sin Anthologi Intet optaget af den færøiske, grønlandske og holstenske Literatur, hvilket nok vil raades Bod paa af en senere Samler".¹³³ Folk som Bang foretrekte heilt sikkert Wergelands lesebok, som så klart skilte norsk frå dansk. Litteraten Rolf Olsen kritiserte på liknande vis Thue for å "ignorere al norsk Nationalitet" og for å ville "amalgamere den norske Literatur og den danske - hvilket upaatviveligt er et ligesaa urigtigt som umuligt Foretagende".¹³⁴ Thue håpa på si side at folk ville "frikjende mig Beskyldningen for Landsforræderi" sjøl om han kunne glede seg over at han ikkje trong ordbok for å lese J.L. Heiberg og Oehlenschläger, og at danskar kunne gjøre det same med Wergeland og Welhaven.¹³⁵ Attom kritikken og svaret på den ligg det prinsipielle spørsmålet om på kva for vis og i kva for grad leseboka i norskfaget skal tene i danning som er *nasjonal* i sitt innhald, dvs. vere med på å skape ein norsk identitet. Dette har vi sett at Wergeland og Thue har ulike svar på. Wergeland vil at leseboka skal være eit "Sjælernes Fædreneland". Thue avviser ikkje tanken om å gi "det nasjonale" ein plass, men han vil danne fedrelandets sjeler også med tekstar som verken var norske eller nasjonale. Som vi har sett, er dette eit stridsspørsmål som ikkje berre dei to lesebokforfattarane hadde ei meining om, men som t.o.m. folk utanfor embetsstanden engasjerte seg i. Det var dessutan ikkje berre eit kulturelt stridsspørsmål, men også eit politisk.

Wergeland eller Thue?

Då Wergeland og Thue ga ut lesebøkene sine, var alle dei gamle modne for avløyning. Det som framfor alt hadde skapt eit behov for nye lesebøker, var nettopp kravet om at danninga måtte bli meir nasjonal i sit innhald og det synet at norskfaget hadde ei oppgave å fylle der. Her strekte dei gamle lesebøkene ikkje til. Rahbek si (som blei brukt i Christiania iallfall opp i 1830-åra) var *for* dansk, særlig i dei seinare utgåvene. Den høyrde dessutan både litterært og ideologisk til det seine 1700-tallet. Platou si lesebok var heilt eit produkt av den eldre embetsborgarlige felleskulturen og den var heller ikkje ajour med 1800-tallsdiktinga, verken den danske eller den norske (bl.a. var verken Welhaven eller Wergeland med). Sagen si lesebok var heller det motsette av norsk og blei som dei andre stadig mindre aktuell, men sjøl fortsette han sikkert med den så lenge han virka, og i Bergen blei den nok brukt fram til i 1860-åra.¹³⁶

Spørsmålet om korleis dei to nye lesebøkene stilte seg til "det nasjonale" måtte bli viktig for dei som skulle velje lesebok for klassene sine. Vi har tidligare sett at Rolf Olsen kritiserte Thue for ikkje å vere nasjonal nok. Han oppfatta Thue nærmast som danoman (meir enn som skandinav), og slik sett sto han nærmast

på Wergelands standpunkt i striden mellom patriotar og troppistar. Rolf Olsen rekna danomaniet her i landet for å høyre fortida til og at det var nasjonalismen som hadde framtida for seg. I eit kortare tidsperspektiv gikk det ikkje heilt slik. I bortimot tjue år framover fikk skandinavismen vidare oppslutning, bl.a. frå folk som både var nasjonale og skandinavar, f.eks. Welhaven. Skandinavismen ga ei løysing på eit problem som i den polariserte kulturelle striden 1830-åra fortonte seg som eit enten eller. Wergelands ønske om nærmast å bryte dei litterære banda med Danmark var det neppe så mange i embetsstanden som gikk heil-hjerta inn for, og Thues lesebok passa godt for dei som ville ha eit både og. Slik sett treffe Thues lesebok stemningar og tankar i tida bedre enn Wergelands.

I si litterære orientering var Wergeland og Thue lesebøker meir like enn ein skulle tru ut frå den ideologiske ulikskapen. Thue har tatt med svært mange av dei same tekstane som Wergeland, ja, t.o.m. same *utdrag* av tekstar. Både Wergeland og Thue har fått med seg den nyare norske litteraturen og Thue tar også med siste nytt frå Danmark. (Thue har f. eks. fått med eit par av Welhavens *Nyere Digte* fra 1845 og t.o.m. tre stykke av Søren Kierkegaards anonyme forfatterskap frå dei aller siste åra!) Om noen syntes det var viktig å bruke den mest aktuelle boka, hadde nok Thues lesebok ein føremon også her.

Rolf Olsen kritiserte Thues lesebok for at "hele denne Bøg [tilhører] efter sit aandelige Standpunkt [...] en forgangen og forældet Tid". Då meinte han ikkje berre ideologien, men også sjangersystemet og den estetiske formalismen. Den slags kritikk råka Wergelands lesebok *enda* hardare enn Thues. Dei retorisk-estetiske systembygningane var ingenting den levande diktinga og den mest framskridne kritikken let seg binde av. Allereie i 1838 hadde f.eks. den leiade kritikaren hos troppistane, P.J. Collett, skrive at "Ingen spørger nu om hvilke Substanser et Digterverk bør indeholde, eller om er Ballader, Heroider, Helte-digte, Hyrdedigte eller andre Digte eller maaskee Sammenblandingen af alle disse Arter han læser."¹³⁷ På den andre sida var den retorisk-estetiske formalismen ein del av fagtradisjonen i den lærde skolen, der formalismen dessuten levde i beste velgåande i språkundervisninga, så ingen norsklærer blei vel avskrekt av sjangerlæra. Ut frå formaldanningslæra var det dessutan viktig å bryne tankane til elevane på slikt, og sjangerlæra *skulle* dei forøvrig lære seg om dei følgde læreplanen. Men også i skolen var denne typen sjangerlære på veg ut som prinsipp for å samle tekstar i lesebøkene, og Wergeland og Thue sine blei dei siste sjangerkrestomatiane. Her hadde Thue si bok den fordel at den også var ein *litteraturhistorisk antologi*. Sjøl om ordningsprinsippet og den litteraturhistoriske synsvinkelen var heller primitiv, var boka meir i pakt med dei tankane som i framtida kom til å rå om korleis ei lesebok skulle vere.

Kjeldene tyder på at skolane (unntatt i Bergen) ville gjøre seg av med dei gamle lesebøkene straks Wergelands og Thue sine kom. Det er eit teikn på at grunnleggande tankar i norskfaget var i endring. Det har tidligare vore hevda at Wergeland si lesebok blei lite brukt eller at den ikkje blei brukt i det heile. Det hevdar f.eks. både Sonja Hagemann i standardverket om den norske barnelitteraturens historie og Sverre Sletvold i ei doktoravhandling om norske lesebøker.¹³⁸ Dette er feil. Rapportar frå skolane fortel at Wergeland si bok blei innført i Drammen alt hausten 1844, og at den var i brukt i Christiania i 1845/46, på Kongsberg i 1846/47 og i Trondhjem i 1848/49.¹³⁹ Den kan godt ha vore brukt enda fleire stader, for det manglar rapportar frå fleire skolar og andre er ufullstendige. Om Thue si lesebok veit vi at den iallfall blei brukt i Christiania i 1846/47, i Molde i slutten av 1840-åra og i Christianssand i 1855. Frå Francis Bulls Bjørnson-bind av *Norsk Litteraturhistorie* kjenner vi historia om korleis Bjørnstjerne ein gong i slutten av 1840-åra på skolen i Molde las utdraget hos Thue av Oehlenschlägers *Hakon Jarl*, og korleis han

strax lærte den udenad, læste den høit paa Skolen bleg af Begeistring, og jeg tør ikke gjøre nogen Regning op over, hvad dette lille Stykke lærte mig og blev mig. Sagaen hadde været min første Morskabslæsning, og igjennem flere Aar min Eneste; og dog var Oehlenschläger strax, og gennem alle Aar, lige til de fire-fem sidste, mit fulde Udtryk for Alt, som Sagaen gjemte.¹⁴⁰

Vi har altså fleire opplysningar om Wergelands lesebok enn om Thues, men det treng ikkje å innebere at den blei brukt fleire stader eller lenger. Det kan derfor godt vere rett, som Torill Steinfeld hevdar, at Thue si bok blei foretrekt framfor Wergeland si.¹⁴¹ Som vi har sett, kunne det vere fleire grunnar for å gjøre det. Før i 1860-åra, då neste generasjonen lesebøker kom, var det heller ikkje andre alternativ å velje mellom enn dei to.

¹ *Morgenbladet* nr. 250/1843.

² Vi kan sjå av HWs lån på UB frå hausten 1843 at han arbeider med leseboka. Den 9. oktober lånte han sju store verk om estetikk, og tre av dei - Bouterwek: *Aesthetik*, Ficker: *Aesthetik* og Nüsslein: *Lehrbuch der Aesthetik* - hadde han på heimlån i lang tid. Seinare lånte han bøker av sentrale norske og danske forfattarar og dessutan antologiar og litterære leksika. Sjå Amundsen 1945. Arbeidet med siste delen av leseboka gjorde Wergeland på sjukeleiet.

³ *Morgenbladet* nr. 101/1844.

⁴ Nils Joachim Wessel Berg var teolog og assistent ved Rigsarkivet, der Wergeland var byråsjef og riksantikvar. Ingen av dei hadde noe med skolen å gjøre.

⁵ Sjå Halvorsen 1908, bd. 6, s. 511.

⁶ Den første delen er X + 360 s., den andre VIII + 409 s.

⁷ Fleire danske har sjølsagt skrive både før og etter 1814, f. eks. Oehlenschläger. Wergeland har rekna med utgiingsåret for tekstane for å avgjøre om dei høyrer heime i felleslitteraturen eller den danske.

⁸ "Fortale", 1. bd. s. [III].

⁹ Sst. s. IV.

¹⁰ Sst. s. IV.

¹¹ Sjå sst. s. V.

¹² Sst. s. V.

¹³ Sst. s. V.

¹⁴ Sjå ss. xxx.

¹⁵ I leseboka har Wergeland tatt med ein tekst av historikaren J.C. Berg om "Unaturligheden af en Forening imellem Norge og Danmark", og dessutan ein av N. Tidemand om "Den skandinaviske Forening" som forsvarar unionen med Sverige.

¹⁶ Sst. s. VI.

¹⁷ Sst. s. V.

¹⁸ Sst. s. VI

¹⁹ Sst. s. VI

²⁰ Sst. s. VII.

²¹ Sst. s. VI.

²² Bd. II, s. 381.

²³ Sst. s. 381. Wergeland har brukt ord som *Bretland*, *Sjø'n*, *Odel*, *velsignte* og *sæl* i si eiga omsetting av "Rule Britannia".

²⁴ Bd. I, s. VII.

²⁵ Bd. I, s. VII.

²⁶ Bd. I, s. VIII.

²⁷ I første bind er 92 av tekstane på prosa og 77 på vers. I andre bind er 37 på prosa og 143 på vers.

²⁸ "Veltalenheden" er eit unnatak, for kunstferdig, retorisk prosa krev innleving og age-ring mest som verslesing.

29 Tall seier likevel ikkje alt om kor viktig ein sjanger er. Fordi boka er ei lesebok og ikkje ein reindyrka litterær krestomati, har f.eks. fablar fått mykje større plass enn dei ellers ville fått. Men også fablane er henta frå "den virkelige Literatur" og ikkje omsette frå tyske lesebøker, slik ein del av fablane hos Sagen var det.

30 Sangbare tekstar fans også hos Rahbek, Sagen og (særleg) Platou, men først hos Wergeland er dei sangbare tekstane blitt ei heilt dominerande gruppe.

31 Kanzone og sonette var av dei sjangrane som romantikarane "gjenoppdaga".

32 Kanskje kan nedklassinga av dramasjangrane henge samman med den veike stillinga teaterkunsten enno hadde i Norge? På Christiania Theater spela dei dessutan eit dansk reper-toar på reint dansk språk.

33 Dei folkelige skillingsvisene, som var så utbreidde at Wergeland heilt sikkert må ha kjent til dei, er ikkje verdige ein plass. Dei blei neppe rekna som "nasjonale", berre folkelige.

34 Bd. I, s. 50.

35 Bd. I, s. 50.

36 Dei "nasjonale" sjangrane har også ofte "nasjonale" emne.

37 "Almeenaand", s. 219.

38 "Tale til Forfædres Erindring" i 1834.

39 bd. I, s. 89. Wergeland reknar også islendingesogene til "vor Literatur" fordi forfatta-rane "vare af norsk Blod og norske Undersaatter, og da de Begivenheder, de fremstille, især ere indflættede i den norske Historie". Grunngiinga er tydelig romantisk-nasjonal. Han set også ættesogene høgt. Men han har likevel ikkje tatt med noen av dei Aall tidligare hadde trykt i *Saga*, kanskje fordi stilen der ikkje var "nasjonal" nok enno.

40 Bd. I, s. 86. Er Snorre reintav Norges Homer?

41 Sjå *Norsk litteraturkritikks historie*, bd. I, s. 36.

42 Bd I, s. VI.

43 Bd. I., ss. VI-VII.

44 Gran 1899, s. 129.

45 Bak dette bildet av den norske odelsbonden og landet finn vi eit knippe idéar som ikkje hadde oppstått i Danmark-Norge, men var importert frå Frankrike. Ei av kjeldene var Rousseaus kritikk av ein aristokratisk og urban sivilisasjon som hadde fjerna seg frå det naturlige. Hos bøndene fann Rousseau derimot eit tilvere som var natur-lik, sunt og sant, ei verdig enkelheit som var verd å etterlikne. Det Rousseau helst fann i Sveits, fann reformvennlige borgarar av tvillingmonarkiet i Norge. Odelsbondebegeistringa henta poli-tisk næring frå den fridomstankane i den franske liberalismen og frå fysiokratismens øko-nomiske teori, som hevda at verdiane stammar frå jorda og ikkje frå dei kjeldene som kan auke beholdninga av edelt metall i statskassa. Mange av 1814-generasjonen var fysiokratar som rekna "Agerdyrkingen" for å vere "den ædleste Sysse" og den som eigde jorda for å vere viktigare enn borgaren. Det var heller ikkje urimelig at dei ville bygge framtida på sjøleigarbonden i eit land der 90 % av folket bodde på landsbygda og livnærte seg med

jordbruk.

46 Det blei fortalt at ein av dei mest sentrale reformaristokratane, greve Reventlow, kunne kle seg i norsk allmuedrakt!

47 Hans Bull skreiv diktet for å konkurrere om ein pris utlyst av det "Smagende Selskab" for det beste "Digt til Friheds og Eiendoms Pris". Prisen han fikk var nok like mykje ei belønning for ideologien som for kunsten i diktet. Bulls bilde av den frie norske odelsbonden var nemlig eit motbilde til den ufrie danske "Landbo", og kunne takas til inntekt for reformer i Danmark. I leseboka har Wergeland tatt med eit anna dikt av Bull, "Om Odelsbondens Lyksalighed".

48 Sjå Christen Pram: "Om Norge", *Minerva* 1790.

49 Bd. I, s. 165.

50 Sst.

51 Bd. I, s. 164.

52 Bd. I, s. 169.

53 Heller ikkje Wergeland har oppdaga Petter Dass og *Nordlands Trompet*. Men han lånte boka på UB rett etterat bind 2 av leseboka var kome ut. Jfr. Amundsen 1945.

54 Bd. I, s. 162.

55 Om eit dansk landskap heiter det, derimot, i eit stykke: og jeg ledte - men fandt desværre intet som jeg kunne give Prædikaf fortryllende"! Bd. 1, s. 172.

56 Bd. I, s. 162.

57 "Fortale", 2. bd.

58 Bd. 2, s. 37.

59 I fortalen til det første bindet beklagar Wergeland at han har tatt med så mange som seks av sine eigne tekstar der, og grunnen er at han har funne så få barnesangar hos andre. I det andre bindet fins det likvel ytterligare 15 spreidde på mange sjangrar.

60 J.H. Wessel har også fått med berre ein einaste tekst, men det er ikkje fordi Wergeland reknar han for å vere ein dårlig diktar, det ser vi av den positive omtalen oversynet over forfatararne.

61 Også J.N. Brun, Jonas Rein og Nic. Wergeland (alle med fem tekstar) har ein betydelig plass her.

62 "Forfatterne", bd. 2, ss. 400-408.

63 Bd. 2, s. 402.

64 Det er vanskelig å forklare korfor Wergeland ikkje gir prøve på mykje av den diktinga han reknar som særlig god. At Storms dølevise ikkje er med, er til å forstå, for det ville nok vore altfor radikalt å ta med tekstar på dialekt. Men berre ei prøve av Holbergs komediar er med og ingen av Ewalds dramatiske arbeid. Av Wessel har han med berre ein einaste tekst, men den er ikkje frå tragedieparodien. Heller ikkje Oehlenschlägers mange drama fins det det prøve på. Som tidligare nemnt, står drama-sjangrane veikt i Wergelands lesebok, og det kan vere ein grunn til at så mykje som han ellers reknar som stor dikting,

fell utanom.

65 Bd. 2, s. 407.

66 Bd. 2, s. 18.

67 Sjå s. xxx.

68 Leiv Amundsen i *Norsk Biografisk Leksikon (NBL)*, bd. 16, s. 348.

Litteraten Rolf Olsen, seinare sorenskrivar og stortingsmann, kasta seg inn i ein personlig prega polemikk mot Thue då boka kom ut. (Han var tydelig fornærma over ikkje å vere komen med; Olsen 1846/I og 1846/II, svar frå Thue 1846/II og 1846/III.) Der uttrykker han samme sak mykje krassare: "hans Forlegger, Hr. Boghandlercompagnon og Procurator C.A. Wulfsberg, efter hvad han har erklæret (om han vil vedstaae det, veed jeg ikke) har faaet Skolebestyreren til at sammenjaske Læsebogen for at undersøge den paa Mdme Hviids Forlag udkomne Læsebog af H. Wergeland og N. Berg." (Olsen 1846/II, s. 5.)

69 Sjå Billeskov Jansen 1983, s. 200

70 S. VII.

71 I doktoravhandlinga *Norske lesebøker fra 1777-1969* (1971) har Sverre Sletvold også omtalt Thues lesebok ganske kort. Han likar den heilt tydelig ikkje fordi han finn den for formalistisk og for lite nasjonal. Derfor (?) blir mykje i omtalen hans ganske tvilsomt eller rett og slett feil. Til det tvilsomme høyrer påstanden om at boka er "sterkt dominert av danske diktere, og det norske innslaget er ikke stort mer merkbart enn det svenske" (s. 98). Ytterst tvilsom er denne vurderinga, der han måler Thue med Wergeland som målestokk: "På bakgrunn av Wergelands forord til sin lesebok to år tidligere synes Thues manglende sans for eller evne til å finne fram til norsk litteratur nesten grotesk." (s. 98) (Kven er det vi saknar så sterkt på denne lista av slike som fins med hos Wergeland, men ikkje hos Thue: J.C. Berg, Ulrik Boyesen, Johan Broch, Hans Bull, C.F. Dichmann, Chr. M. Falsen, Liv Fietzetz, Hier. Heyerdahl, Chr. N. Keyser, Rudolf Keyser, G.F. Krogh, Albert Lassen, G. F. Lundh, B. Moe, H.C. Petersen, P. Petersen, Chr. Sørensen, Nic. Tidemand, Niels Weyer? Thue har forresten tatt med fleire som ikkje fins hos Wergeland, og noen av dei har eit namn i norsk litteraturhistorie: Vilh. Wexels, F.M. Bugge, P.A. Munch, P.J. Collett, O. Munch-Ræder, H.Ø. Blom.) Heilt feil er det når Sletvold skriv at Thues bok "representerte det mest rendyrkede eksempel på litterær formalisme i vår leseboklitteratur" (s. 98). *Den* (tydelig) tvilsomme æra er det utan tvil Wergeland som skal ha, både fordi sjølve sjangersystemet hans er enda meir finmaska og hierarkisk enn Thues, og fordi heile leseboka hans er ein rein sjangerkrestomati.

72 S. V.

73 Sst.

74 Sjå s. 354 hos Thue, * [notø].

75 S. V f.

76 I kritikken sin skriv Rolf Olsen at den "er en ikkun uheldig Efterligning af denne", dvs. Rahbeks. Olsen 1846/I, s. 245.

77 S. IV.

78 S. [III].

79 Hos Wergeland er det femten avdelingar med syttifem under- og under-undersjangrar, mens Thue har tolv avdelingar med femti sjangrar. Likskapen mellom dei to kan henge saman med at dei delvis har bygd på dei samme estetiske teoriane. To av dei tre estetikarane som Wergeland lånte heim i samband med leseboka - Ficker og Nüsslein - er blant dei Thue også bygde på. Sjå Leiv Amundsen i *NBL*, bd. 16, s. 348.

80 Desse innleiingane blei seinare utgitt for seg med tittelen *Æsthetik*, Bergen 1876.

81 Vi kan også sjå også av vurderingane korleis Thue støttar seg på både gamle og nye tenkemåtar, slik som f.eks. Rahbek gjorde det. Men der klassisismen var det viktigaste grunnlaget for Rahbek, er romantikken det for Thue.

82 S. IV.

83 Frå felleslitteraturen har Thue valt 53 tekstar av 26 danskfødde forfattarar og 40 tekstar av 15 norske. I den nyare danske avdelinga fins det 130 tekstar av 47 forfattarar og i den norske 109 tekstar av 36 forfattarar.

84 S. V.

85 S. 4.

86 S. IV.

87 Det fins også eksempel på meir "moderne" litteraturhistoriske grep, f.eks. når Thue i omtalen av noen svenske forfattarar gir dei ein plass i striden mellom "Gallicismen" og "de nye æsthetiske Anskuelser", dvs. mellom akademiets klassisistar og romantikarane. Sympatien ligg heilt tydelig hos "den forsforistiske Anskuelse" hos Atterbom og dei andre universalromantikarane, og hos nasjonalromantikarane i "det göthiska förbundet" med Geijer i spissen. Dei *befrir* den svenske litteraturen frå akademiets "stive franske Smag" og "kolde indholdsløse Sirlighed". I den svenske delen av antologien blir også forfattarar frå dei ulike "skolane" plasserte saman og ikkje berre kronologisk etter kva tid dei er fødde. Noen av forfattaromtalane - f. eks. om Atterbom og Almquist - går dessutan langt ut over biografien, opprekninga av bøker og udeling av ros og ris.

88 I *Norske Universitets- og Skole=Annaler*, 2 R, 4. bd. s. 349.

89 Olsen 1846/I, s. 271.

90 S. [3].

91 Sst.

92 Sst.

93 S. 4.

94 Sst.

95 Sst.

96 Tekstar i sjangrar som vi i dag reknar som ikkje-litterære hadde ein plass også tidligare berre om dei var var gode reint språklig. Men hos Rahbek var grunnen at dei skulle vere språklige mønster for etterlikning, mens det hos Thue er eit spørsmål om dei har eit element av "Poesi", dvs. også framstiller idéar i ei skjønn form og dette er eit mål i seg sjøl.

97 Samtidig som grensene for den "litterære" prosaen blir trongare, blir også innhaldet i retorikk-omgrepet stadig meir redusert. Hos Thue fin vi den i ein minimumsvariant som ein stilistikk for skjønnlitterær prosa: "Læren om Prosaens Væsen og dens Anvendelse som skjøn sprogforn kaldes *Rhetorik*. I denne Forstand er Rhetoriken altsaa dels en Del af Æstetiken, forsaavidtsom den omhandler Reglerne for Prosaens Anvendelse til den egentlige Poesi, dels som et Supplement eller Anhang til Æstetiken, forsaavidtsom den omhandler Reglerne for Prosaens Anvendelse til de Skrifarter, som kun relativt tilhøre Poesien." (s. 5)

98 Også hos Wergeland spelar lyriske sjangrar ei stor rolle, men ei viktig årsak til det er at mest alle sangane høyrer heime der.

99 S. [25].

100 Sst.

101 Sst.

102 Det bildet av Wergelands diktning som Thue gir her, er ellers ganske likt det Wergeland gir sjøl i leseboka si. Ti av dei tyve Wergeland-tekstane hos Thue har også Wergeland sjøl med, og resten er ikkje så anleis verken litterært eller ideologisk. Den største skilnaden er at Thue legg større vekt på Wergeland som folkeoppsedar med tekstar frå *For Arbeidsklassen*, og at Thue ikkje legg same vekt på fridomspatosen. Thues Wergeland er ein litterært sett ganske dristig diktar (men ikkje overdrive), moralsk sett heller oppbyggelig, og politisk er han liberal og demokratisk.

103 S. 570 f.

Thue gir altså Welhaven langt på veg medhald i den kritikken han førde fram mot Wergeland.

104 S. 731.

105 Knudsen 1848, ss. 345-346.

106 S. VI.

107 John Sannes har skrivne historia om skandinavismen i Norge fram til 1848 i boka *Patrioter, Intelligens, Skandinaver*, Oslo 1959.

108 S. 179.

109 S. 180.

110 S. 31.

111 Det ser vi hos Thue f.eks. i utvalet av eventyr og segner, der han har med fleire danske enn norske, og av mytene er tre nordiske. I skildringane av natur og folkeliv - som Wergeland utnytta til ei slags topografisk-etnografisk bestemming av det ekte norske - har Thue rettnok tatt med ein tekst om den norske fjellbonden, men også ein om bonden i Blekinge og ein om den finske, dessutan om grønnlendarane, samane og neapolitanarane(!). I andre tekstar tar han lesarane med på reiser både i Norge, Danmark, Sverige og ut i Europa.

112 Frå D.G. Monrad: "Nordens literære og nationale Enhed", s. 494.

113 S. 493.

114 S. 720. Samme tenkemåten fins hos D.G. Monrad, s. 494.

115 Sjå Leiv Amundsen om Thue i *Norsk Biografisk Leksikon*, bd. 16.

116 S. VII.

117 *Nordisk Literatur-Tidende* nr. 16/1846.

118 Sjå Sannes 1959, s. 279-283.

119 Dei skandinavistiske tekstane (og dei som Thue i sammenhengen har gjort til skandinavistiske) er ikkje så mange, berre åtte i alt: F. Barfod: "Nordens Enhed", N.M. Petersen: "Det oldnordiske Sprogs Enhed", C. Ploug: "Til de for sin Nationalitet kjæpende Nord-slesvigere", O. Lehmann: "Kong Oskar den Første Leve!", N.F.S. Grundtvig: "Nordens Kjæmpeaand", B.S. Ingemann: "Nordens Aand", D.G. Monrad: "Nordens literære og nationale Enhed" og A. Lundeblad: "Skandinavisk Ynglingasång". Som vi ser, er sju av forfattarane danske. Den norske skandinavismen etterlet seg ikkje mange tydelige litterære spor.

120 S. VII. Thue argumenterer her slik dei "danomane" troppistane gjorde det. Som dei reknar han heller ikkje språket for å vere viktig for nasjonaliteten, og at eit felles språk kan uttrykke både den norske og den danske.

121 S. 493.

122 S. VII. For å gjere det lettare å forstå svensk har han også laga ei lita svensk uttale- og rettskrivingslære og dessutan ordforklaringar til tekstane.

123 S. 160.

124 S. VII.

125 S. 398.

126 S. 370 og 371.

127 S. 120.

128 S. 385.

129 S. 371

130 S. 53.

131 Sst.

Folkeeventyra og segnene tillegg derimot Thue ikkje ei nordisk ånd. Han framhever den "nationale folkelige Fortælltone" hos Asbjørnsen og roser eventyra hans for "en livlig og dyb Opfattelse af den norske Fjeldnatures Eiendommelighed", men han legg ikkje samme vekt på det særnorske som Wergeland gjorde. Av dei atten eventyra og segnene er dessutan berre sju norske, mens ti er danske (blant dei fire kunsteventyr av Oehlenschläger og H.C. Andersen) og eit svensk. Sjangrane blir iallfall ikkje nytta til å framheve det norske, så Thues skandinavisme viser seg også her.

132 S. 354 f.

Om Grundtvig heiter det likedan at "Næst Øhlenschläger er Grundtvig den af de danske Forfattere, der mest har bidraget til at vække Sanden for den nordiske Oldtid og gjenoplve dens store Minder" (s. 367). Sjå også omtalen av Geijer (s. 685) og Tegnér (s. 698), som Thue reknar som to av dei største svenske diktarane.

133 *Nordlyset* nr. 14, s. 2, 15. februar 1847.

134 Olsen 1846/I, s. 271.

135 Thue 1846/II, s. 286.

136 Det forstås vi av at den ble revidert så seint som i 1861 av P.J. Stub.

137 I *Den Constitutionelle* nr. 125/1838.

138 Hagemann skriv at "Så vidt vites, ble leseboken aldri benyttet i noen skole" (1965, s. 246). Sletvold lit på Hagemann og viser berre til henne når han skriv at den "ble ingen suksess og fikk liten eller ingen utbredelse i skolen" (1971, s. 97). Det ser ut til at opphavsmannen til dette mistaket er G.F. Gunnersen i ein artikkel om "Gamle norske lesebøker" i *Heimen* 3 bd. 1934, ss. 275-284. Han skriv også at restopplaget av Wergelands lesebok blei selt som makulatur rundt 1865. Det treng ikkje bety at boka ikkje blei brukt. Elevtalet i skolane var lågt og opplaget kan ha vore altfor stort. I 1865 hadde dessutan Hartvig Lassens lesebøker hatt heile marknaden i noen år.

139 Sjå opplysningar i *Norske Universitets- og Skole=Annaler*, 2 R, 3 bd, s. 513 (Drammen), 2 R, 5 bd., s. 332 (Christiania og Kongsberg), 2 R, 5 bd., s. 362 (Trondhjem).

140 Bull & Paasche bd. IV/2, s. 476

141 ??? Det er også mulig at T.S. berre tar opp att feilen frå Gunnersen, Hagemann og Sletvold, for ho viser ikkje til kjelder for påstanden sin..

TALEHANDLINGER I OLAV TRYGGVASON'S SAGA.

Terje Hillesund.

Innledning.

Snorres kongesagaer er kjent for sine mange dialoger og taler og ikke minst for sine mange fyndord. Noen av de mest kjente fyndordene er lagt i munnen på Einar Tambarskjelve under slaget ved Svolder. Det er Olav Tryggvason han snakker med:

Einar spente buen for tredje gang. Da brast buen i to stykker. Da sa kong Olav: "Hva brast så høyt der?" Einar svarte: "Norge av di hand, konge." "Det var vel ikke så stor brist," sa kongen, "ta min bue og skyt med den," og så kastet han buen sin til ham. Einar tok buen og drog den straks ut forbi odden på pila, og sa: "For veik, for veik er kongens bue!".

Kong Olav tapte som kjent det slaget.

Fyndordene i Snorre markerer ofte slutten på en lang handlingsrekke, men samtaler og talehandlinger utgjør gjennom hele fortellingen en sentral del av Snorres historier. Ikke minst er ulike talehandlinger helt sentrale i oppbyggingen av historienes intriger. Dette gjelder særlig når sagaene får en viss lengde, slik som sagaen om Olav Tryggvason (som vi her skal undersøke i Anne Holtsmarks og Didrik Arup Seips oversettelse.)

Snorres fortellinger er fulle av handling på det bastante plan. I Olav Tryggvasons saga reiser Olav som ung mann rundt i utlandet der han herjer og dreper, gifter seg og blir døpt, før han kommer til Norge og tar makten, etter at trelle Kark har

skåret hodet av Håkon jarl, under grisebingen.

Historiene til Snorre er også fulle av en annen type handlinger, nemlig talehandlinger. Uansett hvor en går inn i Olav Tryggvasons saga vil en møte ulike aktører som handler ved hjelp av ord. Aktørene samtaler, de gir hverandre løfter og råd og de lyver og baktaler hverandre. Aktørene *gjør noe*, de *handler*, gjennom det de sier.

I dette essayet skal vi se nærmere på aktørenes talehandlinger i Snorres historiske fortellinger.¹ Målet er å vise at alle større intriger i Olav Tryggvasons saga er konstruert opp omkring ulike aktørers språklige handlinger. Utgangspunktet for analysen er talehandlingsfilosofiens inndeling av den språklige ytringen i en proposisjonell og en illokusjonær del. I Snorres beretning er det aktørenes illokusjonære handlinger som setter begivenhetene igang. Aktørenes talehandlinger er videre en sentral del av selve handlingsgangen og også ikke-språklige hendelser blir av Snorre fortalt ved hjelp av aktørenes samtaler, gjennom ytringenes proposisjonelle innhold.²

I essayet vil vi gå gjennom deler av Olav Tryggvasons saga og underveis analysere enkelte talehandlinger og deres betydning for den øvrige handling. I analysen vil vi undersøke hvilke kategorier av talehandlinger som dominerer samtalene og vi vil undersøke hvordan ulike illokusjonære handlingstyper styrer begivenhetene. Vi vil også vise hvordan Snorre karakteriserer sine personer ved hjelp av deres språklige ytringer. Mot slutten av essayet vil vi vise at Snorres historiske forklaringer er narrative og intensjonale forklaringer som i stor grad bygger på hans rekonstruksjon av aktørenes språklige handlinger. I disse forklaringene har kvinnenens talehandlinger stor betydning.

Talehandlingsteoriens begreper vil bli presentert underveis i analysen.

Gunnhilds bud.

I begynnelsen av Olav Tryggvasons saga har Harald Gråfell, sønn til Eirik Blodøks, tatt makten i Norge. Harald Gråfell er sønnesønn til Harald Hårfagre. Men Gråfell, og ikke minst hans mor Gunnhild, er bekymret for en annen av Hårfagres ætlinger, nemlig Olav Tryggvason. Olav er på denne tiden nettopp født og Astrid er Olavs mor. Olavs far, Tryggve, er drept og Olav kan på sikt bli en mektig fiende for Harald Gråfell og Gunnhild.

Gunnhild ber en mektig mann, Håkon, om å lete etter Astrid og Olav. Og Håkon drar for å lete.

I Snorres fremstilling er det Gunnhild, mor til Harald Gråfell, som handler. Men hun drar ikke selv rundt og leter. Hun gjør noe annet. Gjennom en talehandling, ved bruk av ord, ber hun Håkon lete etter Olav. Ved hjelp av ord forsøker Gunnhild å påvirke begivenhetenes gang, hun forsøker å endre verden.³



Gunnhild ber Håkon lete etter kong Trygges barn

Gunnhild lykkes ikke. Astrid og Olav har venner. Da Håkon kommer til bonden Torstein, lyver bonden og sender Håkon i stikk motsatt retning av den Astrid og Olav har tatt. Løgn kan være en virkningsfull talehandling. Bonden lyktes med sine ord å redde Olav.

Men Gunnhild gir seg ikke. Hun sender Håkon til Sveaveldet der

Astrid og Olav har søkt tilflukt hos Håkon Gamle, en stor mann.

Snorres beretning om det som skjer i Sveaveldet er på typisk vis bygd opp omkring aktørenes talehandlinger. I sitatet under er de ulike verb og substantiv som angir talehandlinger streket under, mens talehandlingenes innhold er satt i kursiv. Eirik den seiersale er konge i Sveaveldet:

Så kom Håkon frem med ærendet sitt for sveakongen. Han sa at Gunnhild hadde sendt bud og bedt om at kongen måtte støtte ham, så han kunne få med seg Olav Tryggvason til Norge. "Gunnhild vil ta ham til oppfostring," sa han. Kongen ga ham menn med, og de rei til Håkon Gamle. Håkon ba med mange vennlige ord Olav om å bli med seg. Håkon Gamle svarte pent og sa at mora fikk rå for om han skulle bli med, og Astrid ville ikke for noen pris at gutten skulle reise. Sendemennene før sin veg, og sa til kong Eirik hvordan det hadde gått.

Sitatet over forteller nesten utelukkende om det som blir sagt og gjort med språket. Det er Håkon som er Gunnhilds sendebud. Han skal be om støtte fra sveakongen og han fremfører Gunnhilds ønske om å få unge Olav til fostring. Han ber også Håkon Gamle med vennlige ord om å få Olav med til Gunnhild.

Talehandlingene fører frem overfor sveakongen, men ikke overfor Håkon Gamle og Astrid. Astrid vil ikke at gutten skal reise.

Håkon og sendemennene gjør et nytt forsøk, men nå får talehandlingene en ny karakter, de er blitt til krav og trusler:

Sendemennene kom til Håkon Gamle og krevde at han skulle la gutten følge med dem. Da han ikke var villig til dette, brukte de grove ord, lovte at han skulle få svi for det og var følt sinte.

I de to sitatene over er det bare èn periode som ikke refererer

til samtaler, nemlig perioden: **Kongen ga ham menn med, og de rei til Håkon Gamle.** Resten er gjengivelser av aktørenes talehandlinger. Snorre gjengir aktørenes ønsker, krav, trusler og svar. Dette er ulike typer talehandlinger der aktørene, ved hjelp av språket, forsøker å få sin vilje gjennom i verden.

Snorre gjengir bare én av talehandlingene i direkte sitat. Det er sendebudet Håkon som snakker med sveakongen: **"Gunnhild vil ta ham til oppfostring," sa han.**

Dette er, innen fortellingens ramme, en høyst tvilsom påstand. Det er mer trolig at Gunnhild ønsker å ta livet av Olav. Vi kan gå ut fra at Håkon lyver.

Den påstanden eller opplysningen som Håkon kommer med er en talehandling av en spesiell kategori. Talehandlingen er et konstativ. Ved konstativer eller opplysninger har språkbrukeren til hensikt å si noe om verden. Påstander, informasjoner, antagelser og gjetninger er eksempler på konstativer.⁴

Alle talehandlinger består, i tillegg til en handling, av et utsagn med et visst innhold. Poenget med et konstativ, den konstative handling, er å si noe om ulike saksforhold i verden. Man sier at tilpasningsretningen for konstativer går fra ord til verden. Et konstativ er sant dersom innholdet i utsagnet stemmer overens med verden, eller med saksforhold i verden. Hverken begrepet "sannhet" eller uttrykket "stemmer overens med" tas her i strengt vitenskapelig eller filosofisk forstand. I daglig språkbruk er de konstativer sanne som regnes for sanne innen en kultur eller tidsepoke.

Konstativer kan altså være sanne eller falske, alt etter om avsenderen bevisst forsøker å føre mottakeren av utsagnet bak lyset eller ikke. Muligheten for å lyve ligger naturligvis i det forhold at mennesker vanligvis snakker sant når de kommer med ulike opplysninger og informasjoner. Grunnlaget for all kommunikasjon bygger på at språkbrukerne har et felles sett av

pragmatiske regler som styrer språkbruken. I kommunikasjonen går mottakeren av et konstativ, som regel, ut fra at avsenderen snakker sant, dvs. at innholdet i konstativets utsagn stemmer overens med virkeligheten.

I Snorres fortelling går det indirekte frem at sveakongen tror på Håkons opplysninger eller konstativer, mens Astrid absolutt ikke har tiltro til Håkon, som jo er Gunnhilds sendebud. Håkons andre språkhandlinger, dvs. kravene og ikke minst truslene, tar derimot Astrid alvorlig. Hun reiser videre med sin sønn Olav. Olav Tryggvason vokser så opp i Gardariket. Han blir i utlandet i mange år.

Snorres beretning om hvordan og hvorfor Olav Tryggvason havnet i Gardariket er bygd opp omkring de ulike aktørenes talehandlinger. Store deler av fortellingen består i å gjengi aktørenes opplysninger og løgner, deres ønsker, krav og trusler, dvs. deres språklige samhandling. Dette er en litterær teknikk som er helt gjennomført i Snorres saga om Olav Tryggvason.

Gull-Haralds krav og Håkon jarls råd.

Harald Gråfell og de andre Eirikssønnene har altså tatt makten i Norge, sammen med Gunnhild. Håkon jarl Sigurdson har rømt til Danmark, der han, i følge Snorre: **tenkte og grunnet så mye(...)**at han gikk til sengs og ble mest søvnløs, han åt og drakk bare såvidt han ikke mistet kreftene.

Og han grunnet ikke forgjeves. Snorres fortelling om hvordan Håkon jarl fikk tilbake makten i Norge er et utmerket eksempel på hvordan Snorre lar ulike talehandlinger danne utgangspunktet for hendelser og handlinger på det mer håndfaste plan.

I Danmark styrer Harald Gormson, sønn til Gorm den gamle. Kong Harald hadde en brorsønn kalt Gull-Harald. Etter å ha rådført


seg med Håkon jarl, krever Gull-Harald at kong Harald skal gi Gull-Harald halvparten av kongens rike. I Snorres fortelling er dette opptakten til lengre samtaler og forhandlinger. Håkon jarl er vekselvis rådgiver for de to Haraldene.

Opptakten, Gull-Haralds krav, er en talehandling av en egen kategori. Krav

er som talehandlingstype eksempel på handlingskategorien direktiv. Ved direktiver er hensikten med ytringen å få noen til å gjøre noe i fremtiden, språkbrukeren vil påvirke mottakerens handlinger. Avsenderen ønsker at mottakeren skal gjøre det avsenderen uttrykker gjennom utsagnets innhold. Gull-Harald vil påvirke kongen til å dele riket sitt med ham.

Ved en talehandling gjør språkbrukeren flere ting på en gang. For det første så former han ved hjelp av lyder et utsagn med en viss grammatisk form og med et visst semantisk betydningsinnhold. Men i og med ytringen av dette utsagnet så utfører språkbrukeren også en handling; han gir en beskjed, en befaling eller han avgir en ed.⁵ En talehandling er altså satt sammen av flere deler. For det første består den av lyder som etter visse regler er formet til ord og setninger. I tillegg er en talehandling sammensatt av en proposisjon og en illokusjon.

Proposisjonen er det som blir sagt ved en talehandling, det er ytringens mer eller mindre grammatisk riktige utsagn. Proposisjonen, eller utsagnet, kommuniserer et semantisk innhold og



Håkon jarl ligger til sengs og grunner.

proposisjonen må bestå av et ledd som identifiserer hva det snakkes om (et subjekt) og et ledd som gir dette identifiserte leddet egenskaper (et predikat). Proposisjonen angir *hva* som opplyses, *hva* som kreves osv. i en talehandling.

Illokusjonen er det som blir gjort, dvs. handlingen som utføres ved hjelp av en ytring. I og med formingen av et utsagn eller en proposisjon så *gjør* språkbrukeren samtidig noe, han informerer eller han gir en opplysning, han kommanderer eller han kommer med et krav. Dette er ytringens illokusjon, dens handling.

En språkbruker har alltid en hensikt med å forme et utsagn. Språkbrukeren kan derfor ikke forme et utsagn, en proposisjon, uten samtidig å utføre en handling, en illokusjon. I Snorres beretning gjennomfører Gull-Harald en talehandling. Hensikten med talehandlingen, ytringens illokusjon, er å fremføre et krav. Innholdet i dette kravet er gitt gjennom talehandlingens proposisjon. Proposisjonen viser *hva* Gull-Harald krever, proposisjonen refererer til kong Haralds (fremtidige) handlinger. Gull-Harald krever at kong Harald skal dele riket sitt med ham.

Talehandlingene kan være av mange typer og slag. Talehandlingstypene klassifiseres gjerne i fem kategorier. Det er konstativer, direktiver, kommisiver, ekspressiver og erklæringer. Et av kjennetegnene som brukes i kategoriseringen av talehandlingstypene, er talehandlingenes illokusjonære poeng, dvs. hensikten med talehandlingen.⁶ Poenget med konstativer, som opplysninger, påstander osv. er å fortelle mottakeren noe om verden. Poenget med et direktiv, som et krav eller en ordre, er å få mottakeren til å gjøre noe i fremtiden.

Et annet viktig kjennetegn som skiller talehandlingene er forholdet mellom ord og verden, dvs. tilpasningsretningen mellom talehandlingens proposisjon og virkeligheten. Ved direktiver står proposisjonen i et annet forhold til verden enn ved

konstater, eller opplysninger. Ved konstater ønsker avsenderen ved hjelp av utsagnets innhold å si noe sant om verden. Tilpasningsretningen går fra ord til verden. Ved direktiver vil ikke språkbrukeren si noe sant om verden, han ønsker derimot at verden skal bli slik han uttrykker det med ordene. Ordene, dvs. proposisjonen, er i direktiver som regel knyttet til mottakerens handlinger. Et direktiv er vellykket dersom mottakeren av ytringen gjennomfører avsenderens ønske. Da vil verden, en gang i fremtiden, stemme overens med direktivets ordlyd. Tilpasningsretningen går ved direktiver fra verden til ord.

Hensikten med direktiver er altså å få verden til å passe med ordene. Et direktiv kan dermed ikke være sant eller usant. Det kan imidlertid være mer eller mindre vellykket. Gull-Haralds direktiv ville vært vellykket dersom kong Harald hadde gått med på kravet om å dele riket sitt med Gull-Harald. Men det gjorde ikke kongen: **Kong Harald ble følt harm for dette kravet, skriver Snorre. Han ble så vill og vred at det ikke var råd å snakke med ham.** Gull-Haralds talehandling førte ikke frem.

Alle talehandlinger er en del av en sosial samhandling og hensikten med å ytre seg er alltid å oppnå en effekt, om det nå er å få noen til å tro på en opplysning eller å få gjennomført et krav.

Muligheten for en vellykket talehandling er avhengig av aktørens plass i det sosiale system. Særlig gjelder dette for direktiver, der språkbrukeren ønsker at andre skal gjøre noe. Ikke alle er i posisjon til å gi ordre eller å fremsette krav.

Gunnhild kongsmor hadde makt og myndighet til å be Håkon lete etter Astrid og Olav Tryggvason. Og sveakongen hadde tiltro til Håkons opplysning om at Gunnhild ville ha Olav Tryggvason til fostring. Astrid hadde imidlertid ingen tiltro til Håkons påstand, mens Håkon ikke hadde makt til å gjennomføre kravet om å få Olav tilbake til Norge. Håkons trusler hadde derimot gjennomslagskraft; Astrid reiste videre med Olav.

Ved hjelp av aktørenes talehandlinger plasserer Snorre personene i det sosiale system og han tegner samtidig et presist bilde av forholdene mellom personene i fortellingen. I Danmark mener Gull-Harald at han har rett til å kreve halve kongeriket. Kongen har imidlertid myndighet til å nekte, og Gull-Harald kan ikke legge makt bak kravet. Men Gull-Harald kan lage vanskeligheter for kongen!

Dermed blir Håkon jarl brakt inn i saken. Gjennom de videre samtaler fremstiller Snorre Håkon jarl som en mann med innflytelse. Men de rådene han gir, viser først og fremst at Håkon er en ordslu mann, en mann som vet å bruke språket til eget beste. Hans talehandlinger, i form av råd, har alltid dobbel hensikt.

Etter lange samtaler gir Håkon råd til kongen og Gull-Harald. Til kongen sier han:

"Nå har jeg våket både natt og dag siden," sa jarlen, "og jeg er kommet til at det blir best at du får ha og styre hele det riket som far din hadde, og som du fikk etter ham; men du må skaffe Harald, din frende, et annet kongerike som kan gjøre ham til en hedret mann." "Hva for et rike er det," sa kongen, "som jeg kan ha rett til å gi Harald, og likevel ha Danevelde ubeskåret?" Jarlen sa: "Det er Norge."

Rådet går ut på å lokke Harald Gråfell til Danmark. Der skal Gull-Harald ta livet av Gråfell. Etter dette skal Gull-Harald ta makten i Norge og bli konge der.

Både kong Harald og Gull-Harald går med på dette rådet. De sender en staselig sendeferd nord i Norge, til Harald Gråfell. I Snorres fortelling har Gull-Haralds krav og siden Håkons råd satt i gang en voldsom handlingsrekke. Gjennom å berette om aktørenes talehandlinger bygger Snorre opp både fortellingens intrige og handlingsgang.

Krav og råd er begge handlingstyper som hører til kategorien

direktiver. De uttrykker begge noe om mottakerens handlinger i fremtiden og ved begge talehandlinger gir avsenderen uttrykk for ønsker om hvordan verden bør se ut. Gull-Harald ønsker gjennom kravet å bli konge i halve Danmark, Håkon jarl råder ham til å bli konge i Norge.

Tross likhetene, er det viktige forskjeller mellom krav og råd. Krav blir fremmet ut fra avsenderens interesser. Råd derimot, blir gitt med tanke på mottakerens interesser. Mottak av råd bygger dermed på tillit til at rådgiveren tenker på mottakerens beste.

I Snorres historie misbruker Håkon jarl de andres tillit. Rådene er gitt med tanke på eget beste, og ikke med tanke på kong Harald eller Gull-Haralds beste. Men begge lar seg lure av Håkon.

Sendebudet kommer til Harald Gråfell i Norge:

Der fortalte de slike tidender som at Håkon jarl var i Danmark og lå dødssjuk og nesten sanseløs; dernest sa de også at Harald danekonge bød Harald Gråfell fostersønn til seg, han skulle få de veitsler som han og brødrene hadde hatt før der i Danmark, og kongen bad Harald komme til Jylland og møte ham.

Dette var usanne konstativer eller opplysninger og uærlige direktiver eller bud, som alle skulle lokke Gråfell til Danmark. Alt er løgn og bedrag. Uærlig brukte talehandlinger bunner i at aktørene skjuler sin egentlige hensikt. Men Harald Gråfell drar til Danmark og Gull-Harald drar for å ta livet av Gråfell.

Da er det at planen til Håkon jarl viser seg. Da Gull-Harald har reist, går Håkon jarl til kong Harald Gormson. Han sier:

"Nå dreper Gull-Harald Harald Gråfell og siden tar han kongedømme i Norge. Tror du han vil være trofast mot deg om du gir

ham slik makt? Han sa til meg i vinter at han ville drepe deg, om han kunne komme til. Nå skal jeg vinne Norge for deg og drepe Gull-Harald, om du vil love meg at det skal bli lett for meg å få forlik med deg etterpå. Da skal jeg bli Deres jarl og sverge ed på det, at jeg skal vinne Norge for Dem og med Deres hjelp, og siden holde landet i Deres makt og svare Dem skatter. Og da er du større konge enn far din var, for da har du to folkland å rå over." Dette ble kongen og jarlen enige om.

Hele Håkon jarls språkstrev, hans språklige handlinger, har altså bare hatt én hensikt; å vinne tilbake Norge. Det som videre skjer tar ikke større plass i Snorres fortelling. Gull-Harald dreper Harald Gråfell og Håkon jarl dreper Gull-Harald. Håkon og kongen blir enige; Håkon blir kong Haralds jarl i Norge.

